# Forvaltingsplan for rovvilt i Region 1

## Sogn & Fjordane, Hordaland, Rogaland og Vest-Agder
Revidert 23.03.2009



Rovviltnemnda Region 1

**Rovviltnemnda Region 1**

<u>Postadresse:</u>
Postboks 0059
4001 STAVANGER
Tlf. 51568914

<u>Kontoradresse:</u>
Statens Hus
Lagårdsveien 78
4010 STAVANGER

| | |
|---|---|
| ***Forfatter(e):*** Anders Braa | ***Rapportnr.:*** x |
| | ***Dato:*** 23.03.2009 |
| ***Prosjektansvarlig(e):*** Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavdelingen | ***Faggruppe:*** rovvilt |
| | ***Geografisk område:*** Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest-Agder |
| ***Emneord:*** rovvilt, rovviltforvalting, felling, jakt, store rovdyr | ***Antall sider:*** 50 |
| | ***ISSN-nummer:*** x |
| ***Finansieringskilde:*** 1427.21 | ***Arkivnummer:*** 09/551 |

***Sammendrag:***

Gjennomgang av rovviltpolitikk, forvaltinga og rovviltartane ulv, jerv, gaupe, bjørn og kongeørn i landet og dei 4 fylka i Region 1. Viktig grunnlag for forvaltinga er St.meld.nr.14 (2003-2004) "Rovvilt i norsk natur", Innst.S.nr.174 (2003-2004) og "Forskrift om forvaltning av rovvilt" (Kgl.res. 18.03.2005).

Forvaltingsplanen gjev uttrykk for rovviltnemnda sine strategiar og mål for rovviltforvaltinga innafor dei nasjonale rammene. Planen skal reviderast minst ein gong kvar valperiode for rovviltnemnda.

**TITTEL:**

# Forvaltingsplan for rovvilt i Region 1

# INNHALD


**1. FORORD** .... 4
**2. SAMANDRAG** .... 5
**3. NASJONAL ROVVILTPOLITIKK** .... 6
**3.1 Historisk bakteppe** .... 6
**3.2 Overordna føringar** .... 6
*3.2.1 Internasjonale konvensjonar* .... 6
*3.2.2 Viltlova* .... 7
*3.2.3 St.meld.nr.15 (2003-2004) Rovvilt i norsk natur* .... 8
*3.2.4 Regjeringserklæringa frå oktober 2005* .... 8
**3.3 Forskrift om forvalting av rovvilt** .... 10
**3.4 Førebyggande og konfliktdempande tiltak** .... 13
**3.5 Erstatning for tap av bufe til freda rovvilt** .... 13
**4. BESTANDSTATUS OG BIOLOGI** .... 14
**4.1 Bjørn** .... 15
**4.2 Jerv** .... 15
**4.3 Ulv** .... 17
**4.4 Gaupe** .... 18
**4.5 Kongeørn** .... 19
**5. INTERESSEKONFLIKTAR I REGION 1** .... 20
**5.1 Beitenæringa i regionen** .... 20
**5.2 Tap av bufe til freda rovdyr** .... 23
**5.3 Tilhøvet til dyrevern og dyrevernlova** .... 26
**5.4 Biologisk mangfald og friluftsliv** .... 26
**6. VERKEMIDDEL** .... 28
**6.1 Juridiske verkemiddel** .... 28
**6.2 Økonomiske verkemiddel** .... 28
*6.2.1 Førebyggande og konfliktdempande tiltak mot rovviltskade* .... 28
*6.2.2 Andre tilskotsordningar* .... 29
*6.2.3 Erstatning for rovviltskade på bufe* .... 29
**6.3 Ulike former for felling** .... 30
*6.3.1 Akutt behov for felling* .... 30
*6.3.2 Anna skademotivert felling* .... 30
*6.3.3 Kvotejakt på gaupe* .... 31
**6.4 Informasjon og kommunikasjon** .... 32
**7. GRUNNLAG FOR AVGJERD** .... 33
**7.1 Nasjonale føringar og forvaltningsplan for regionen** .... 33
**7.2 Nasjonalt overvakingsprogram for rovvilt** .... 33
**7.3 Rovbase** .... 34
**7.4 Skadepotensiale** .... 35
**8. REGIONALE STRATEGIAR OG FORVALTINGSMÅL** .... 35
**8.1 Rovviltartane** .... 35
*8.1.1 Gaupe* .... 36
*8.1.2 Jerv* .... 36
*8.1.3 Ulv* .... 37

*8.1.4 Bjørn* ... 37
*8.1.5 Kongeørn* ... 37
**8.2 Differensiert forvalting** ... 37
**8.3 Erstatning for tap av bufe til freda rovvilt** ... 38
**8.4 Førebyggande og konfliktdempande tiltak** ... 38
*8.4.1 Landbrukspolitiske verkemiddel* ... 39
*8.4.2 Utvida tilsyn* ... 40
*8.4.3 Ekstraordinært tilsyn* ... 41
*8.4.4 Tidlegare sanking* ... 41
*8.4.5 Seinare slepp på utmarksbeite* ... 42
*8.4.6 Andre førebyggande tiltak retta mot bufe* ... 42
*8.4.7 Andre førebyggande og konfliktdempande tiltak* ... 43
*8.4.8 Anna bruk av kap.1427.73.3* ... 44
**8.5 Generelt om felling** ... 44
**8.6 Skadefelling** ... 44
*8.6.1 Kongeørn* ... 44
*8.6.2 Gaupe, jerv, ulv og bjørn* ... 45
**8.7 Lisensfelling** ... 46
**8.8 Kvotefri jakt på gaupe** ... 47
**8.9 Informasjon, medverking og kommunikasjon** ... 48
*8.9.1 Forvaltningsplan* ... 48
*8.9.2 Rovviltnemnda* ... 48
*8.9.3 Fylkesmannen* ... 49
*8.9.4 Andre aktørar* ... 49
*8.9.5 Media* ... 50
**Vedlegg** ... 51

# 1. FORORD

Alle 8 rovviltregionar i landet er pålagde å utarbeide forvaltingsplanar for rovviltforvaltinga i sin region. Stortingsmelding nr. 15 (2003-2004) har føresett at rovviltforvaltinga skal utøvast i dialog med berørte partar. Viktigaste arena for denne dialogen er prosessen knytt til utforming av forvaltingsplanen. Innhaldet i forvaltingsplanen legg grunnlag for vurderingar og viktige premissar for alle vedtak om rovviltforvalting i regionen. Planen er sentral for rovviltnemnda sitt arbeid, og legg føringar for Direktoratet for Naturforvalting og fylkesmennene sine vedtak.

Denne planen gjeld Region 1, - fylka Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Vest-Agder. Rovviltnemnda har ansvar for forvaltinga av rovvilt i regionen, og har og ansvar for utarbeiding av denne planen. Medlemmane i rovviltnemnda er oppnemnde av Miljøverndepartementet etter forslag frå fylkeskommunane. I Region 1 er det to representantar frå Sogn og Fjordane og ein representant frå kvar av dei andre fylka.

Planen omfattar rovviltartane jerv, gaupe, bjørn, ulv og kongeørn.

Fylkesmannen i Rogaland har som sekretariat stått for utarbeiding av forslag til forvaltingsplan. Forvaltingsplan for Region 1 blei første gong vedteke 31.05.2006. Denne planen er ei revidert utgåve. Forslag til revidert plan blei sendt på høyring 14.10.2008. Direktoratet for naturforvaltning har hatt planen til gjennomsyn for fagleg kvalitetssikring.

Rovviltnemnda i Region 1 vedtok planen på møte 23.03.2009. Planen skal reviderast minst ein gong i kvar valperiode for nemnda.

**Norvall Nøringset**
**leiar Rovviltnemnda Region 1**

**Anders Braa**
**sekretariatet**

# 2. SAMANDRAG

Stortinget godkjende i mai 2004 regjeringa sitt framlegg til ny rovviltpolitikk, St. meld. Nr. 14 (2003-2004) "Rovvilt i norsk natur", med ein del endringar jf Innst.S.nr.174 (2003-2004) frå Energi- og miljøkomiteen i Stortinget. Miljøverndepartementet har følgt opp den nye politikken gjennom ei ny "Forskrift om forvaltning av rovvilt", som tok til å gjelda frå 1. april 2005.

Forvaltingsplanen gjev ei kortfatta gjennomgong av rovviltpolitikken, forvaltinga og dei aktuelle rovviltartane i kapitla 3 – 7, med skråblikk til interne tilhøve i Region 1. Organiseringa av rovviltorgana er viktige føresetnader for gjennomføringa av rovviltpolitikken. Særleg viktig er dei 8 rovviltregionane i landet som skal styrast av kvar si rovviltnemnd. Regionane har mynde på fleire område, og vil i stor grad vere sjølvstyrte einingar i rovviltforvaltinga. Ansvaret for dei nasjonale måla for rovviltbestandar er mellom anna fordelt i form av krav til bestemte tal på årlege ynglingar i kvar region. Region 1 skal ikkje ha ynglande bestandar av dei store rovpattedyra, men har mellom anna ansvar for bestanden av kongeørn i regionen.

Kongeørn er den einaste av desse artane som har fast tilhald over heile regionen. Jerv har dei siste åra vore fast innslag i fjellområda i Indre Sogn, men dei seinare åra har han og vore lenger sør på Hardangervidda og Langfjella. Gaupe førekjem fåtaleg over det meste av regionen. Streifdyr av ulv og bjørn er dokumentert med ujamne mellomrom både sør og nord i regionen. Førekomst av bjørn vil truleg auke med aukande norsk bestand.

Kapittel 8 handlar om mål og strategiar for rovviltforvaltinga i regionen. Utan ansvar for nasjonale mål for rovpattedyr, vil det ikkje bli sett same krav til geografisk differensiert forvalting her som i regionar med slikt ansvar. Når det gjeld skademotivert felling og prioritering av skadeførebyggande tiltak vil det likevel vere slik at dei områda med størst skadeproblem blir høgast prioriterte.

Det er opna for lisensfelling på jerv i regionen, og det kan bli aktuelt å gje høve til slik felling på ulv og bjørn. Det er og aktuelt å vidareføre ordninga med kvotefri gaupejakt. Rovviltnemnda skal likevel gjere vedtak om felling kvart år ut frå dei kriteriar som skal vektleggast etter rovviltforskrifta.

I region 1 skal beitedyr ha prioritet framfor rovviltet. Samanlikna med andre regionar blir felling viktigare som førebyggande tiltak enn tiltak som rettar seg mot sauenæringa. Klårgjering av tapsårsakar, utsett beiteslepp og tidlegare sanking er dei mest aktuelle einskildtiltaka retta mot bufe. Planen legg og vekt på samarbeid med landbruket og Mattilsynet for å redusere skade på og tap av beitedyr.

Informasjon og kommunikasjon er viktig. Forvaltingsplanen skal gje kunnskap om rovviltforvalting og legge grunnlag for ei rimeleg forventa forvalting i åra som kjem. God kontakt mellom dei ulike aktørane med oppgåver eller interesser innafor rovvilt er og høgt prioritert. Vidare blir det lagt vekt på formidling av kunnskap om rovviltspørsmål gjennom møteverksemd og kommunikasjon i media.

# 3. NASJONAL ROVVILTPOLITIKK

## 3.1 Historisk bakteppe

Det har til alle tider vore konflikt mellom bufehald og dei store rovdyra. Konflikten er universell der folk har bufe i leveområda til rovvilt, og aukande ettersom befolkninga aukar og tar stadig meir av utmarka i bruk. Rovdyra er taparar i denne konflikten. Mange artar er for lengst utrydda i område med stor befolkning eller intensiv utnytting av utmarksareala. I andre delar av verda har ein likevel framleis levedyktige bestandar av store rovdyr i befolkningsnære område. Differensiert områdebruk, ekstensivt landbruk, tilgong på ville byttedyr og haldning til naturmiljøet kan vere forklaringar på skilnadane.

I Noreg blei bestandane av dei store rovpattedyra redusert til eit minimum gjennom hard jakt og fangst allereie frå siste halvdel av 1800-talet. Sauenæringa har tilpassa seg dette ved å bytta ut gjetarbasert drift med ei drift som er basert på at sauen beitar fritt i utmarka i beitesesongen.

Samfunnet sitt syn på natur endra seg gradvis utover 1960-talet. Ulv og bjørn blei freda i 1971 og 1973, og jerven blei freda i Sør-Noreg i 1973. Aukande konfliktar både i høve til skade på tamrein og småfe og omsyn til verneinteressane førte til behov for ein landsplan for forvaltning av dei store rovdyra. Resultatet var den første rovdyrmeldinga: *St. meld. nr. 27(1991-92) Om forvaltning av bjørn, jerv, ulv og gaupe.*

Ved handsaminga av St.meld.nr. 27 slutta Stortinget seg til ei hovudmålsetting om å sikre levedyktige bestandar av bjørn, jerv, ulv og gaupe, i samsvar med Bernkonvensjonen. Samstundes skulle skadeomfang på beitedyr reduserast mest mogleg.

Auka merksemd rundt rovvilt og rovviltproblematikk utover 90-talet førte til ei ny stortingsmelding i 1997, *St. meld. nr.35 (1996-97) Om rovviltforvaltning.* Meldinga meisla ut ein meir differensiert politikk i høve til forvaltning av dei ulike artane, mellom anna basert på større kunnskap om rovviltet. Det blei oppretta kjerneområde for jerv i Sør-Noreg og 5 kjerneområde for bjørn langs grensa til nabolanda. Vidare blei det lagt føringar for nytt regelverk for erstatningsordninga for tap av bufe til freda rovdyr, og arbeidet med førebyggande tiltak blei intensivert. Endringar i rovviltforvaltinga blei innført med etablering av mellom anna jerv- og gaupenemnder og rådgjevande rovviltutval med representantar frå organisasjonane i kvart fylke. Ei av oppgåvene for rovviltutvala og fylkesmennene var å utarbeide fylkesvise planar for rovviltforvaltinga.

## 3.2 Overordna føringar

### *3.2.1 Internasjonale konvensjonar*

Bern-konvensjonen om vern av ville europeiske plantar og dyr og deira leveområde blei ratifisert av Noreg i 1986. Denne konvensjonen gjev medlemslanda ei sjølvstendig plikt til å ta vare på alle, og særleg trua, artar og bestandar i eige land. I dei høve bestandane er utbreidd i fleire statar har dei ulike statane eit felles ansvar. Konvensjonen seier ikkje korleis ein kan fordele dette ansvaret mellom land, men det er ikkje høve til å overføre heile ansvaret for ein art til eitt anna land.

Bern-konvensjonen gjev likevel høve til unnatak frå det generelle forbodet mot uttak av artar på liste II og III (omfattar alle 5 rovviltartane) av omsyn til visse interesser. For å kunne gjere det er det 2 generelle og minst eitt spesielt vilkår som alle må oppyllast. Dei generelle vilkåra er at det ikkje finst andre tilfredsstillande løysingar, og at unnataket ikkje er til skade for overlevinga for bestanden. Det mest aktuelle spesielle vilkåret er at unnataket skal hindra alvorleg skade på bufe og tamrein.

Habitatdirektivet er EU sitt sentrale lovverk for forvalting av det biologiske mangfaldet. Noreg er ikkje bunde opp av direktivet gjennom EØS-avtalen, men dette gjev klåre føringar for våre næraste naboland, Sverige og Finland. Det ville truleg ikkje vere mogleg å oppretthalde levedyktige bestandar av nokon av dei 4 rovpattedyra i Noreg med dagens politikk utan nabolanda, spesielt Sverige. Delbestandane der bidrar til innvandring til - og utveksling mellom delbestandar i Noreg, og kompenserar for eit høgt uttak i Noreg. Forvaltinga i nabolanda er difor ein viktig premissleverandør for norsk rovviltforvalting. Tabell 1 syner bestandstorleiken for rovviltartane i Sverige.

| **Art** | **Bestandstorleik** | **År** |
|---|---|---|
| Ulv | 150-198 individ | 2007/2008 |
| Gaupe | 1300 individ | 2005/2006 |
| Bjørn | 2350-2900 | 2005/2006 |
| Jerv | 360 individ | 2006 |
| Kongeørn | 500 par | 2005 |

*Tabell 1: Tal på rovvilt i Sverige(jf Naturvårdsverket 2008 og Høgskolen i Hedmark 2008).*

Habitatdirektivet har mykje til felles med Bern-konvensjonen. Det er likevel viktige skilnader. Til dømes er Habitatdirektivet konkret på at artar skal takast vare på innafor dei naturlege habitata. Det er difor ikkje høve til å redusera utbreiinga til ein art. Dessutan er det høve til sanksjoner mot medlemsland som ikkje gjennomfører direktivet sine bestemmelsar ved at EU-kommisjonen kan trekke landet for EF-domstolen.

I tillegg er det ein rekke andre konvensjonar og internasjonale eller bilaterale avtalar som er med på å sette ramme for norsk rovviltpolitikk. Desse gjeld både omsyn til det biologiske mangfaldet og omsyn til urfolk, landskap, beitedyr, osb.

*3.2.2 Viltlova*

Lov om viltet av 29.mai 1981 nr 38 gjev heimelsgrunnlaget for norsk rovviltforvalting. I tillegg til å gje overordna prinsipp og sjølvstendige lovparagrafar, er viltlova ei typisk forskriftslov. Fleire sentrale forskrifter er viktige i rovviltforvaltinga.

Føremålsparagrafen §1 og fredningsprinsippet §3 gjev tydeleg uttrykk for politikken bak: Bevaring av produktivitet og artsrikdom er eit vilkår for eventuell hausting. Som ein naturleg konsekvens av det er alt vilt freda med mindre anna følgjer av lov eller vedtak med heimel i lov. Ved vedtak om høve til jakt (etter §9) skal det særleg leggast vekt på om arten produserar eit overskot og at den er viktig som ressurs. Sekundært skal det og leggjast vekt på jakt- og fangsttradisjon og den skade viltet gjer. Bortsett frå på gaupe er det ikkje vedteke opning for jakt etter viltlova §9 for dei aktuelle rovviltartane.

Viltlova gjev heimel for ulike former for felling utanom ordinær jakt, til dømes skademotivert felling.

Viltlova sett og ramme for utøving av jakt og fangst, jf Forskrift om utøvelse av jakt og fangst (DN 2002, sist revidert 01.09.05). Denne forskrifta har og verknad for ulike former for skademotivert felling.

### *3.2.3 St.meld.nr.15 (2003-2004) Rovvilt i norsk natur*

I 2001 bad Stortinget regjeringa leggje fram ei ny melding for Stortinget om rovviltforvalting innan utgongen av 2003. Bakgrunnen var mellom anna eit behov for å evaluere dei ulike tiltaka i høve til skadeførebyggjande og konfliktdempande tiltak som var sett i verk etter den siste stortingsmeldinga. I mandatet frå Stortinget låg det at meldinga skulle byggje på internasjonale miljøkonvensjonar og hovudlinane i rovdyrpolitikken.

I arbeidet med meldinga har det vore eit tett samarbeid med fagmiljø og organisasjonar. Mellom anna er det utarbeidd over 30 forskningsrapportar og faglege utgreiingar, og det blei etablert ei rådgjevingsgruppe knytt til FoU-prosjektet "Rovvilt og Samfunn (RoSa)". Meldinga blei lagt fram for Stortinget i desember 2003. Energi- og miljøkomiteen i Stortinget si handsaming av meldinga blei lagt fram i mai 2004 med ein del viktige endringar, jf *Innst. S.nr. 174(2003-2004).*

I tillegg til dei 4 store rovpattedyra er kongeørn tatt inn i den nye meldinga.

St.meld.nr.15 er meir konkret i høve til tidlegare policydokument. Mål for rovviltbestandar er tal- og stadfesta, og den er tydeleg på at ein skal berre nytte kvalitetssikra tal frå Nasjonalt overvakningsprogram og dokumentasjon frå Statens Naturoppsyn (SNO) som grunnlag for avgjerd av dei aktuelle forvaltingsorgana. Samstundes blir det streka under behov for å aktivt trekkje inn lokal medverking i arbeidet med å skaffe overvakingsdata.

I tillegg til omorganisering av ansvar og mynde for dei ulike forvaltingsoppgåvene, har meldinga lagt vekt på auka regional deltaking i beslutningsprosessar og praktisk forvalting. Mellom anna er det opna opp for å gje høve til lisensjakt på alle rovpattedyra.

Meldinga har lagt stor vekt på differensiert forvalting. Det er ikkje lagt opp til å ekskludera område for sauebeite, men økonomiske stimuli, prioritering av førebyggjande tiltak og prioritering av område for rovvilt skal i større grad enn tidlegare skilje mellom bufe og rovvilt, og gjennom det redusera konflikten.

Kunnskap om rovvilt og utvikling av førebyggjande og konfliktdempande tiltak skal framleis ha høg prioritet.

### *3.2.4 Regjeringserklæringa frå oktober 2005*

I den såkalla Soria Moria-erklæringa til regjeringa heiter det at stortingsforliket om rovviltforvaltinga skal ligge til grunn og følgjast opp på alle nivå. Noreg skal ha levedyktige bestandar av jerv, ulv, bjørn, gaupe og kongeørn. Vidare er det mellom anna sagt:

- Ein skal arbeide aktivt med konfliktdempande tiltak. Bestandstal skal kunne vurderast ut frå effekten på beiting, beitedyr og på livskvaliteten for folk i rovdyrutsette område.
- Regjeringa vil at innsatsen for førebyggande tiltak mot rovviltskader skal auke betydeleg, også økonomisk. Dette er viktig for å oppretthalde miljøvenleg utmarksbeiting over heile landet.

- Regjeringa vil legge vekt på å framskaffe meir påliteleg informasjon om storleiken på rovdyrbestanden til ein kvar tid. Her bør det i større grad nyttast lokal kunnskap.

MD og LMD presiserte i felles brev 28.07.2006 korleis Soria Moria-erklæringa skulle følgjast opp av forvaltinga. Desse punkta blei framheva:

- *Bestandsmålene for rovviltbestandene står fast. Oppbyggingstakten skal også ta hensyn til nødvendig tid og tilpasninger for beitebrukerne og lokalsamfunnene generelt. Bestandene skal imidlertid ha en årlig vekst mot de vedtatte bestandsmål.*
- *Bedre bestandsregistrering gjennom meir lokal medvirkning og forankring, herunder frå yrkesutøvere i husdyrbruk og reindrift. Dette for å søke et lavest mulig konfliktnivå.*
- *Skadefellingstillatelser skal gis raskt innenfor rammen av de lover og regler som gjelder. Rovvilt som volder skade skal felles så effektivt som mulig.*
- *Revisjon av nødvergeparagrafen i viltloven vil bli behandlet som egen sak og sendt på høring så raskt som mulig.*
- *Regjeringa legger vekt på økt satsing på førebyggende og konfliktdempande tiltak, samt effektiv samordning mellom miljøpolitiske, landbrukspolitiske og reindriftspolitiske virkemidler med det som utgangspunkt at næringspolitikken skal innrettes innenfor rammene av den vedtatte miljøpolitikken.*
- *Beitenekt skal være siste utvei.*

Vidare sa brevet dette om *prioriterte beiteområde:*
*I forvaltningsplanenenes prioriterte beiteområder kan rovvilt felles selv om bestandsmålet innenfor prioritert rovviltområde ikke er oppfylt. Dette betyr blant annet at rovvilt utenfor vedtatt rovviltområde skal kunne felles selv om bestandsmålet ikke er nådd innenfor området. I prioriterte beiteområder skal foretakene kunne påregne at rovvilt ikke vil være til hinder for tradisjonell drift med sau på utmarksbeite og reindrift. Dette innebærer at rovvilt som vandrer inn i disse områdene, og som utgjør en potensiell skade for beitedyr, raskt skal kunne tas ut gjennom kvotejakt, lisensfelling eller ved ekstraordinære tiltak. En forutsetning for slik felling er imidlertid at det ikke finnes andre tilfredsstillende løsninger, og at slik felling ikke truer den aktuelle bestands overlevelse.*

*Når målet for rovviltbestanden er nådd i regionen skal jakt og effektivt uttak av rovvilt sikre forutsigbarhet og trygghet for at rovvilt ikke vil være til hinder for tradisjonell drift med sau på utmarksbeite og reindrift. Areal-differensieringen i de regionale forvaltningsplanene forutsettes å gi langsiktige signaler om rovvilt som rammevilkår for beitebruken. Dette innebærer at prioriteringer innenfor rovviltområder og beiteområder normalt ikke skal endres av temporære endringar i bestandstall og geografisk konsentrasjon av bestandene. Dersom spesielle forhold skulle tilsi det, vil det i forbindelse med rullering av forvaltningsplan likevel kunne foretas endring blant annet av grensene mellom prioriterte rovviltområder og prioriterte beiteområder. Det er de regionale rovviltnemndene som utarbeider de regionale forvaltningsplanene for rovvilt og rulleringen av disse planene skal skje i nær kontakt med kommuner og organisasjoner i regionene og i samråd med berørte beitebrukere.*

Miljøverndepartementet har og fremja forslag om endring av naudvergeparagrafen §11 i viltlova som oppfølging av Soria Moria-erklæringa. Forslaget vil medføre ei liberalisering i høve til felling av i første omgong

gaupe og jerv, i dei høve det er sannsynleg at rovdyra vil angripe bufe eller tamrein.

## 3.3 Forskrift om forvalting av rovvilt

Viktige delar av innhaldet i stortingsmeldinga og Innst.S.nr.174 blei operasjonalisert gjennom ny Forskrift om forvaltning av rovvilt (MD, 18.04.05). Forskrifta er heimla i viltlova, og tok til å gjelda 1. april 2005.

§1 i forskrifta er slik:

> ”Formålet med denne forskrift er å sikre en bærekraftig forvaltning av gaupe, jerv, bjørn, ulv og kongeørn. Innenfor en slik ramme skal forvaltninga også ivareta hensyn til næringsutøvelse og andre næringsinteresser. Forvaltninga skal være differensiert slik at hensynet til de ulike interesser vektlegges forskjellig i ulike områder og for de ulike rovviltarter.

| Art | Tal årlege ynglingar | Tal årleg hekkande par |
|---|---|---|
| Gaupe | 65 | |
| Jerv | 39 | |
| Bjørn | 15 | |
| Ulv | 3 | |
| Kongeørn | | 850-1200 |

*Tabell 2: Nasjonale mål for rovviltartane etter handsaming av St.meld.nr.15(2003-2004)*

Stortinget har fastsett nasjonale mål for dei 5 aktuelle artane, jf tabell 2. Desse bestandsmåla skal i hovudsak sikrast gjennom arbeidet i dei 8 nye rovviltregionane. Kvar region har konkrete nasjonale mål for kvar av dei 4 pattedyrartane, eller dei er utan ansvar for slike mål for ein eller fleire artar. Ansvarsfordelinga på dei ulike regionane går fram under.

Den geografiske differensierte forvaltinga blir no i hovudsak ivaretatt gjennom regionane, både mellom regionar og innafor regionar. Eit unnatak er for ulv: Stortinget har vedteke eit forvaltingsområde for ulv som omfattar heile Oslo og Østfold, og delar av Akershus og Hedmark (Figur 1). Innafor dette området skal det aksepterast yngling av ulv. Alle tidlegare oppretta kjerneområde og forvaltingsområde for ulv, jerv og bjørn er oppheva.




*Figur 1: Kart over forvaltningsområde for ulv. (Kjelde: DN)*

Stortinget har lagt til grunn ei omfattande omstrukturering av rovviltforvaltinga. Sentralt i dette er oppdeling av landet i 8 regionar leia av kvar si rovviltnemnd. Rovviltnemndene har eit sjølvstendig ansvar for gjennomføring av nasjonal politikk for forvalting av gaupe, jerv, ulv og bjørn innafor sin region.

| Region | Fylke | Sekretariat | Bjørn | Jerv | Gaupe | Ulv |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest-Agder | FM Rogaland | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 2 | Telemark, Aust-Agder, Vestfold, Buskerud | FM Buskerud | 0 | 0 | 12 | 0 |
| 3 | Oppland | FM Oppland | 0 | 4 | 5 | 0 |
| 4 | Akershus, Østfold, Oslo | FM Oslo/ Akershus | 0 | 0 | 6 | 3* |
| 5 | Hedmark | FM Hedmark | 3 | 5 | 10 | 3* |
| 6 | Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal | FM Nord-Trøndelag | 4 | 10 | 12 | 0 |
| 7 | Nordland | FM Nordland | 2 | 10 | 10 | 0 |
| 8 | Troms, Finnmark | FM Troms | 6 | 10 | 10 | 0 |

*Tabell 3: Oversyn over rovviltregionane i Noreg, og ansvar for dei ulike rovviltartane i form av årlege ynglingar. *Region 4 og 5 har eit felles ansvar for 3 årlege ynglingar av ulv innafor forvaltingssona.*

<u>Rovviltnemndene</u> er samansett av politikarar frå fylkestinga, og frå Sametinget i dei regionar med viktige samiske interesser. Miljøverndepartementet peikar ut medlemmar etter forslag frå fylkesting og Sametinget. Alle medlemmar frå fylkeskommunane skal ha fast plass i fylkesutvala. I kvar nemnd er det 5 medlemmar og tilsvarande 5 vararepresentantar, og kvar nemnd vel sjølv leiar. Til kvar rovviltnemnd er det knytt eit fylkesmannsembete som har sekretariatsansvar. I region 1 er det 2 representantar frå Sogn og Fjordane og 1 frå kvar av dei andre fylka. Fylkesmannen i Rogaland har sekretariatet.

I perioden 2007 – 2011 er rovviltnemnda Region 1 sett saman slik:

| Fylke | Medlem i rovviltnemnda | vararepresentant |
|---|---|---|
| Sogn & Fjordane | Norvall Nøringset, leiar | Jenny Følling |
| | Marit Barsnes Krogsæter | |
| Hordaland | Joril Christensen | Magnar Lussand |
| Rogaland | Odd Arild Kvaløy | Tone Ravnås |
| Vest-Agder | Oddny Omdal, nestleiar | Jon Grindland |

Rovviltnemndene sine arbeidsoppgåver er i hovudsak desse:

- Fatte vedtak om ulike typar felling av rovvilt: Fastsetting av kvote for betinga skadefelling, kvote for lisensfelling og kvote for gaupejakt. Rovviltnemnda kan sette vilkår for vedtaka, og det vil ofte vere naudsynt å fatte andre vedtak i tillegg, til dømes avgrensing av fellingsområde. Rovviltnemnda sin mynde til å treffe slike vedtak føresett at talet på årlege ynglingar ligg over målet for regionen. Forskrifta sett grense for kva tidsrom i året som kan nyttast til ulike former for felling eller jakt for dei ulike artane.

- Gje føringar og prioriteringar i høve til bruk av tilskot til førebyggande og konfliktdempande tiltak mot rovviltskade.

- Ansvar for utarbeiding av forvaltningsplan for regionen (denne planen) i nær kontakt med kommunar og organisasjonar. Planen skal vere eit viktig fundament for dei vedtak som blir fatta og prioriteringar som blir gjort, både av rovviltnemnd og andre viltorgan.

Miljøverndepartementet (MD) er ansvarleg for utforming av regelverket for rovviltforvaltinga i samsvar med Stortinget sine føringar. MD er og klageinstansen for vedtak i rovviltnemndene og i DN.

Direktoratet for Naturforvaltning (DN). DN skal mellom anna rettleie sekretariata og rovviltnemndene i si verksemd, t.d. om samarbeid over regiongrensar. Dessutan har DN mandat til sjølv å gjere vedtak om dei ulike formane for jakt eller felling på eige tiltak eller etter søknad. Dette kan spesielt vere aktuelt i dei høve rovviltnemnda ikkje har mynde til å treffe slike vedtak, t.d. når bestandsmålet ikkje er nådd, eller skadefelling utanom fastsett periode. DN har og ansvar for drift av Rovbase, overvakning av rovvilt og andre nasjonale oppgåver. DN er klageinstans for vedtak av fylkesmennene.

Fylkesmennene har hovudansvar for forvalting av kongeørn. Dei har mellom anna heimel til å gje løyve til felling på bestemte individ som forårsakar vesentleg skade.

Det er fylkesmannen si oppgåve å ta stilling til bruken av dei betinga skadefellingsløyva etter eige tiltak eller etter søknad. I særlege høve kan og fylkesmannen delegere mynde til kommunar. Fylkesmannen har og ansvar for å administrera lisensfelling og kvotejakt. Fylkesmannen handsamar søknad om tilskot til førebyggande eller konfliktdempande tiltak innafor dei rammer som er sett av rovviltnemnda.

I samsvar med stortingsmeldinga stadfester forskrifta den viktige rolla som er lagt til Nasjonalt overvakingsprogram for rovvilt. Det er berre bestandsdata for rovvilt frå overvakingsprogrammet som skal leggast til grunn for forvaltinga,

mellom anna status for årlege ynglingar. Ansvarleg for overvakingsprogrammet er Norsk institutt for naturforskning (NINA). Metodikk og resultat skal vere offentleg tilgjengeleg. Forskrifta er og spesifikk på korleis ein skal handsame omgrepet "årlege ynglingar". For ulv og bjørn er det dei siste dokumenterte data frå siste års ynglingar, for gaupe og jerv skal ein gå ut frå eit gjennomsnitt av årlege ynglingar dei 3 siste åra. Ved sida av overvaking driv og NINA med forsking på rovviltartane.

Statens Naturoppsyn (SNO) har viktige oppgåver for både forsking og forvalting. SNO står for det meste av datainnsamlinga for det nasjonale overvakningsprogrammet gjennom registreringsoppgåver og skadedokumentasjon på bufe. Registreringane blir lagt inn i Rovbasen og gitt verdi for dokumentasjonsgrad. I dei høve staten tar på seg ansvar for felling av skadedyr, eller vil tilby hjelp til felling av skadedyr, er SNO det utøvande organet. Frivillige organisasjonar eller lokalbefolkning kan og få oppgåver knytt til SNO sin verksemd.

## 3.4 Førebyggande og konfliktdempande tiltak

Forskrift om forvalting av rovvilt handlar mykje om forvalting gjennom ulike former for felling, fordeling av mynde og ansvar osb. Men forskrifta peiker og på at forvaltingsplanen skal syne på kva vis rovviltnemnda vil prioritere tilskot til førebyggande og konfliktdempande tiltak i regionen i samsvar med prinsippet om ein geografisk differensiert forvalting. Mellom anna skal planen gje råd om bruken av landbrukspolitiske virkemidlar.

Miljøverndepartementet gjev årleg budsjettramme for tilskot til førebyggande og konfliktdempande tiltak (FKT). Etter Stortinget sin handsaming av revidert statsbudsjett i 2008 blei kr 57,5 millionar fordelt til rovviltregionane til dette føremålet (kap 1427.73). Kr 1000 000,- blei fordelt til Region 1. I statsbudsjettet for 2009 blei FKT-tiltak i landet ytterligare styrka med 40 mill. kroner. Rovviltnemnda fordeler det meste av den regionale delen av rammetildelinga vidare til fylkesmennene med vilkår og prioriteringar for bruken.

Miljøverndepartementet har utarbeidd eit regelverk for tilskot til førebyggande og konfliktdempande tiltak (kap.1427 post 73), sist revidert i oktober 2004. Målgruppe for ordninga er husdyreigarar, kommunar og lokalsamfunn. Organisasjonar og forskingsinstitusjonar kan og søke om tilskot. Regelverket §3 reknar opp ulike tiltakstypar som kan vere aktuelle for bufe og tamrein. Aktuelle tiltak skal innrettast slik at dei vil ha ein direkte tapsreduserande effekt. Mellom anna er det ikkje aktuelt å gje økonomisk støtte til utvida tilsynsaktivitet aleine. Fellesløysingar skal og prioriterast framfor tiltak i einskilde besetningar.

## 3.5 Erstatning for tap av bufe til freda rovvilt

Viltlova §12a gjev rett til erstatning for tap og følgjeskader for husdyr og tamrein som blir drepe av rovvilt. Denne heimelen blir nærmare regulert av "Forskrift om erstatning for tap og følgekostnader når husdyr blir drept eller skadet av rovvilt" , fastsett ved kgl.res. i 1999.

Erstatningsordninga blei foreslått endra i Stortingsmelding nr. 15 (2003-2004), og i februar 2005 blei det sendt på høyring forslag til nytt regelverk om erstatning for rovviltskade. Etter regjeringsskiftet i 2005 blir regelverket likevel ikkje endra.

Erstatningsordninga gjeld husdyr og tamrein. Som husdyr reknast forutan sau, geit, storfe og hest, også gjetarhund, voktarhund og jakthund.

Søknad om erstatning handsamast av fylkesmannen i bustadfylket. Alle dokumenterte tap til freda rovvilt skal erstattast. Dokumenterte tap er kadaver eller skadde dyr som er undersøkt av Statens Naturoppsyn (SNO) sine rovviltkontaktar og som har fått status som dokumentert eller antatt tapt til freda rovdyr.

I tillegg kan fylkesmannen utbetale erstatning for tap som sannsynleg skuldast freda rovvilt. Kunnskap om rovvilt, dokumentasjon for tap til freda rovvilt i beiteområdet, karakteristiske trekk ved tapa og tidlegare tap i beiteområdet er viktig bakgrunn for dei vurderingar fylkesmannen gjer. Data frå Nasjonalt overvakningsprogram og Rovbase gjev og viktig informasjon. Det er berre tap utover normaltap som kan erstattast som sannsynleg tap til freda rovvilt.

# 4. BESTANDSTATUS OG BIOLOGI

Forvalting av rovvilt byr på heilt spesielle utfordringar. Konflikten med beiteinteressar har, i alle høve for dei 4 rovpattedyrartane, ført til at bestandane er svært fåtalige. Truleg har det ikkje vore mogleg å oppretthalde nasjonale bestandar av nokon av desse 4 artane utan innvandring frå nabolanda, med dagens praksis for felling.

Sjølv om norsk forvalting av rovvilt etter forskrifta skal vere berekraftig og ikkje skal true overlevinga av bestandane, er dei fastsette bestandsmåla i seg sjølv neppe store nok til å sikre overleving på lang sikt. Høvet til å oppretthalde norske bestandar er difor avhengig av forvaltinga av felles bestandar i våre naboland, i første rekke Sverige. Ein tommelfingerregel for minimum bestandstorleik for langsiktig overleving er 500 reproduserande individ (kjønsmodne hodyr) for å unngå tap av genetisk variasjon og evolusjonært potensiale.

I forvaltinga av små rovviltbestandar i Noreg har ein difor vore mest opptatt av å berekne minimum bestandstorleik som skal til for å sikre såkalla demografisk overleving. Internasjonale krav er at det skal vere mindre enn 10% sannsynleg at ein bestand skal døy ut i løpet av 100 år (IUCN). Demografisk overleving er basert på analyse av overlevingspotensialet ut frå kunnskap om biologi og kor utsett den aktuelle arten er for variasjonar i miljøet. Fram til no er det utført slike overlevingsanalysar for bjørn og jerv.

Samanlikna med andre viltartar nyttar rovviltartane store leveområde. Områdebruken varierar med habitatkvalitet og tilgong på byttedyr, og felles for alle rovpattedyra er at hannane nytter større område enn hoene. Bruk av radiotelemetri har gitt gode tal for områdebruken.

| Art | Hannar (km2) | Hoer (km2) |
|---|---|---|
| Bjørn | 800-1000 | 120-280 |
| Gaupe | 600-1500 | 300-800 |
| Jerv | 500-700 | 100-600 |
| Ulv | 400-1880 | |
| Kongeørn | 100-200 | |

*Tabell 4: Storleik på individuelle leveområde for rovvilt i Skandinavia. Tala angir spennvidde på gjenomsnittsverdiar frå ulike studieområde (NINA, Temahefte 22).*

## 4.1 Bjørn

Bjørn i Noreg er randførekomstar av større bestandar på austsida av grensene. Mest stabil har førekomsten vore i Pasvik, Finnmark. Førekomstane i Noreg har stort sett vore unge hannbjørnar som kan legge ut på lange vandringar. Det er likevel årviss yngling i grenseområda. Ut frå organisert innsamling av møkk- og hårprøvar frå bjørn i Sør-Noreg i 2007 blei det identifisert 59 ulike bjørnar ved hjelp av DNA-analyse. 4 av desse var binner og 2 kunne ikkje bestemmast til kjøn. Alle binnane blei funne lengst aust i Trysil (Bioforsk Rapport 3-52, 2008).

Binna får typisk 2 ungar som følgjer mora fram til dei er 1,5 – 2,5 år. Mellom kvart oppvakse kull går det i gjennomsnitt 2,5 år. Av dei store rovpattedyra, er det berre bjørn som legg seg i hi om vinteren. Når han går ut av hiet i april et han det han får tak i, til dømes maur. Bjørnen har variert matseddel med både plantar og animalsk kosthald. Sporteikn av bjørn kan vere svært tydeleg: Store knuseskadar på kadaver, dramatisk utgrave maurtuar, knekte greinar og store fotspor. På norsk raudliste har brunbjørn status som "sterkt trua" (EN) (Artsdatabanken 2006).

*Region 1*
Bjørnebesøka i Region 1 har fram til no vore sjeldne. I Vest-Agder blei det seinast i 2008 fastslått tap av minst 2 sau og 4 lam til bjørn. I 2006 kom det ein bjørn inn i Indre Sogn og gjorde skade i sauebesetningar der. 15 kadaver av vakse sauer blei knytt til bjørn som dokumentert/antatt dødsårsak. Til saman blei det erstatta tap av 125 sau/lam til bjørn det året. Førekomst blei og dokumentert i 2007, og i 2008, då ein hannbjørn blei felt i Sogndal 15. juni.

## 4.2 Jerv

Jerven er i hovudsak ein art som er knytt til høgfjellsområda. Jerven er ikkje ein spesielt god jeger, og må ofte greie seg på smågnagarar og kadaver, sjølv om rein er hoveddiett. Når jerven tar sau, eller aller helst lam er det ofte med kraftige nakkebitt og knusing av beinvev. Byttet blir ofte partert og lagra i ur eller myrhol.

Tispa får første gong ungar som 3-4 åring, og etter det blir det produsert nye kull om lag annakvart år. Gjennomsnittleg kullstorleik er om lag 2 ungar som oftast blir fødde i hi under snøskavlar på våren. Det er likevel stor variasjon mellom tisper sin evne til rekruttering. I tillegg er det stor skilnad mellom dei

ulike åra i kor god rekrutteringa er. Ulik tilgong på næring er truleg viktigaste forklaring på det siste.

Utbreiing i Noreg er i 2 delområde med lite utveksling og tydelege genetiske skilnader: Frå Nord-Trøndelag og nordover og i Sør-Noreg. Dei siste åra er det påvist ein del innvandring av jerv frå aust i Sverige til Sør-Noreg, men knapt noko andre vegen. Som for dei fleste andre rovpattedyra, er tispene meir stadbundne enn hannane. Ekskrementprøvar syner at tispene flyttar seg innafor om lag 10 km frå år til år, medan avstanden for hannane er om lag det dobbelte. På norsk raudliste har jerv status som "sterkt trua" (EN) (Artsdatabanken 2006). På den internasjonale rødlista (IUCN) har status for jerv nyleg blitt endra frå VU (sårbar) til NT (nær trua). Pr 2008 er bestandsmålet for jerv i Noreg nådd.

Hiteljing og DNA-analyse av ekskrement (sidan 2000) er metodar som har gitt gode oversiktar over jervbestandane og kunnskap elles.

| Region/år | **2004** | **2005** | **2006** | **2007** | **2008** |
|---|---|---|---|---|---|
| **Region 1** | 3 (-2) | 0 | 0 | 1 (-1) | 0 |
| **Region 3** | 6 (-1) | 7 | 6 (-1) | 6 (-2) | 5 (-3) |
| **Region 5** | 10 (-1) | 4 (-1) | 10 (-1) | 4 (-1) | 8 (-1) |
| **Region 6** | 9 | 15 (-1) | 10 (-1) | 13 (-3) | 14 (-3) |
| **Noreg** | 47 (-5) | 62 (-4) | 57 (-8) | 51 (-11) | 51 (-10) |

*Tabell 5: Registrerte ynglingar av jerv siste 5 år. Hiuttak i parentes. Alle ynglingar i region 1 er i Sogn og Fjordane. Dokumentert og antatt yngling (jf Nasjonalt overvakningsprogram, NINA).*

Dei to uavhengige metodane gjev noko avvikande resultat i høve til estimat på bestandsstorleik. I 2007 var forskjellen på om lag 70 dyr i Sør-Norge. Innsamling av ekskrement for DNA-analyse skjer på vinteren før kvalpane kjem ut av hiet.

| Region/år | 03/04 | 04/05 | 05/06 | 06/07 | 07/08 | 08/09 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Region 1** | 1 | 2 | 2 | 0 | 0 | 0 |
| **Region 3** | 4 | 3 | 3 | 5 | 5 | 6 |
| **Region 5** | 2 | 6 | 3 | 7 | 6 | 1 |
| **Region 6** | 5 | 2 | 10 | 5 | 8 | 22 |
| **Noreg** | 30 | 21 | 39 | 40 | 28 | 40 |

*Tabell 5a: Tal jerv felt under lisensfelling (DN).*




*Figur 2: Estimert tal på individ identifisert i Sør-Noreg gjennom DNA-analyse av jervekskrement og på grunnlag av hiregistreringar (NINA rapport 369, 2008).*

*Region 1*
Jerv har fast tilhald i Indre Sogn og tilgrensande fjellområde i Oppland. Sjølv om det ikkje er dokumentert særleg mange ynglingar i Indre Sogn dei siste åra, er det regelbunden yngling i nærområda i Oppland. Kor mange jerv det er innafor grensa til ein kvar tid varierar, og er vanskeleg å dokumentera. År om anna kan han og påtreffast lenger sør i regionen. I Rogaland er det dokumentert førekomst av 1-2 jervar over ein 2-årsperiode (2007-2008).

## 4.3 Ulv

Ulven er eit flokkdyr med strengt rangsystem. Sjølv om kvar tispe kan få store kvalpekull, er det berre leiartispa som får lov å pare seg. På ettervinteren kan særleg unge dyr vandre lange avstandar frå heimereviret. Vanlege byttedyr er elg, rådyr og bever forutan sau på sommaren.

Den svensk/norske ulvebestanden er relativt isolert. Alle individa er nært i slekt og stammer frå berre 3 individ som innvandra til området frå nordaust på 70- og 80 talet. For å unngå alvorlege innavlseffektar på sikt er det truleg naudsynt med innvandring av nye individ.

| | **Yngling Noreg** | **Yngling grense** | **Yngling Sverige** |
|---|---|---|---|
| **2004** | 3 | 2 | 9 |
| **2005** | 2 | 2 | 11 |
| **2006** | 1 | 2 | 13 |
| **2007** | 0 | 1 | 18 |
| **2008** | 3 | 1 | 21 |

*Tabell 6a: Tal på ynglingar av ulv i Noreg, i grenseområda mellom Noreg og Sverige, og i Sverige (jf rapportar frå Høgskolen i Hedmark). Kjende daude dyr er ikkje trukke frå.*

Registreringane vinteren 2007/2008 synte at det var 166 - 210 individ i Skandinavia. Av desse var 12 – 16 heilnorske, resten i Sverige eller i grenseområda. På norsk raudliste har ulv status som "kritisk trua" (CR) (Artsdatabanken 2006). Ulovleg felling er truleg eit stort problem.

*Region 1*
Dei siste åra er det og observert førekomst av ulv i Region 1 med ujamne mellomrom. Etterjulsvinteren 2003 blei ein ulv felt i Eigersund kommune etter sporing i lang tid frå Sirdal og Lund kommunar. I same område blei førekomst av ulv også dokumentert i tidsrommet oktober – desember 2004. I romjula 2006 blei ein jakthund truleg tatt av ulv i Søgne i Vest-Agder. Etter det er det ikkje påvist sikker førekomst av ulv i regionen.

## 4.4 Gaupe

Gaupe er den einaste ville representanten for kattefamilien i Noreg. Typisk tilhaldstad er skog. Næringsval er ulike typar småvilt, men desidert viktigaste byttedyr er rådyr. På Vestlandet er truleg ungdyr av hjort viktig. Gaupa er ein dyktig og effektiv jeger, er spreidd utover store delar av landet, men berre fåtalig på Vestlandet. Forskingsresultat (”Rovvilt og Samfunn”, NINA 2005) syner at hanngaupar i langt større grad enn hogauper har sau (lam) på menyen. Gaupa har likevel mykje større preferanse for rådyr enn sau som næringsemne. Leveområda som gaupa nytter kan variere mykje i storleik, men typisk er 4-600 km2 for ei hogaupe. Hannane sitt revir kan vere dobbelt så stort.

Etter paring i mars går hogaupa drektig i 10 veker før ho får ungar. I gjennomsnitt startar halvparten av hogaupene reproduksjonen som 2-åringar. Etter dette produserer om lag 80 % av hogaupene årleg avkom, og gjennomsnittleg kullstorleik er 2 ungar. Desse tala er likevel svært variable, og det kan mellom anna vere store forskjellar mellom ulike område og år. Naturleg bestandsvekst er om lag 20% kvart år. På norsk raudliste har gaupe status som ”sårbar” (VU) (Artsdatabanken 2006).




*Figur 4: Utvikling av gaupebestand i Noreg, estimert før jakt. Estimata blir noko reduserte dersom ein nyttar strenge kriteriar (Nasjonalt overvakningsprogram, NINA)*

Storleiken på gaupebestanden er vanskeleg å vurdere, nettopp fordi det er så store variasjonar i reproduktivitet. I tillegg har dødsårsakar som illegal felling og trafikk stor verknad på bestandsutviklinga.

NINA tilrår at ein ved fastsetting av fellingskvote tar omsyn til tilveksten det aktuelle jaktåret, samt nivået for anna avgang utanom jakt. Ein tilvekst på 20% gjev høve til hausting på 16-17% dersom målet er å halde bestanden stabil. I tillegg bør ein sette maksimal hodyrkvote. 2 år og eldre hodyr representerer i ein normalbestand mellom 27 og 32% av bestanden i februar.

Forskarane tilrår dessutan å innføre såkalla terskelhausting for gaupe, som vil seie at ein fastset eit minimumsnivå før ein kan iverksette hausting. Vidare kan det takast ut ein del av differansen mellom terskelnivået og faktisk registrert tal familiegrupper. Den variable bestandsdynamikken og uoversiktlege mortaliteten gjer at ein slik strategi er spesielt viktig av føre-var omsyn for gaupe.

*Region 1*
I Region 1 blei det registrert familiegrupper av gaupe på 90-talet (Vest-Agder og Rogaland), I Sogn og Fjordane er det påvist yngling i 2006 og 2007. Gaupe er vanskeleg å få oversikt over på Vestlandet med lite sporsnø og vanskeleg terreng. Etter årtusenskiftet er det felt gaupe (1) berre i Rogaland, trass kvotefri jakt i heile regionen.

## 4.5 Kongeørn

Til forskjel frå rovpattedyra er det ein stor og stabil bestand av kongeørn i Region 1. Fram til no har ein likevel ikkje tilsvarande kunnskap om kongeørnbestanden som for dei store rovpattedyra.

Kongeørna er knytt til fjellområda, men finst og i skogbeltet. Ørna bygger store kvistreir i store tre eller aller helst på berghyller. Innafor ei avstand på om lag 3 km kan same par ha opp til 12 alternative reir som dei vekslar på å nytte frå år til år. 1 – 3 egg blir lagt i mars, og egga blir klekte etter 45 dagar. Etter 10 veker i reiret er ungane flygedyktige. Det vil seie, i år med normal tilgong på næring får kvart par ikkje meir enn 1 unge på vingane.

Viktige byttedyr er hare, skogsfugl, rype og andre fuglar og pattedyr. Særleg tidleg i beitesesongen kan dei og ta lam. Eit kongeørnterritorium er av storleik om lag 150 – 200 km2. Ørna lever lenge og kan tola å stå over hekking i år med dårleg næringstilgong. På norsk raudliste har kongeørn status som ”Nær truga” (NT)

*Region 1*
Estimat for hekkande kongeørn i Noreg i 2002 er 850 – 1200 par. I Region 1 er det tilsvarande estimert 180 – 230 par.

| **Fylke** | **2002** | **1998** |
|---|---|---|
| Vest-Agder | 28-40 | 23-28 |
| Rogaland | 40-52 | 32-39 |
| Hordaland | 46-52 | 42-52 |
| Sogn og Fjordane | 65-85 | 65-85 |

*Tabell 6: Hekkande par kongeørn i Region 1 etter estimat frå NINA Fagrapport 58, s.7.*

Som ein kan sjå av tabell 6, kan det sjå ut for at det har vore ei viss bestandsauke i sørlege delar av regionen mellom 1998 og 2002. Det samsvarar for så vidt og godt med overvakningsdata frå Program for terrestrisk overvakning (TOV), der produksjon av ungar i området kring Lund kommune i Rogaland er heilt i toppen samanlikna med dei 4 andre overvakningsområda i landet (om lag 0,5 ungar/år/territorium i perioden 1990-2002).

# 5. INTERESSEKONFLIKTAR I REGION 1

## 5.1 Beitenæringa i regionen

Talet på gardsbruk med sau som søkte om produksjonstilskot i landet 1. januar 2008 var 15333. Både sauetal og tal på bruk har gått tilbake dei siste åra.

Region 1 er eit tyngdepunkt for sauenæringa i landet. Av 565537 sauer som er registrert i Organisert beitebruk (OBB) i landet, er 169938 i Region 1, dvs. om lag 30%. I tillegg er det samanlikna med landet elles ein større del av dei samla sauebruka som ikkje er organisert. Til dømes var berre 38% av all sau og lam på utmarksbeite i Rogaland med i OBB i 2008. Rogaland er det største sauefylket i landet, men ein god del av sauen beiter i nabofylka, særleg i Vest-Agder. Det reelle talet for organisert sau og lam på utmarksbeite på Vest-Agder er difor høgare enn det som går fram av tabell 8. Det er også viktig å merka seg at i tillegg til totaltala i tabell 7 er det og ein del sau og lam som ikkje blir sleppt på utmarksbeite.

| Fylke | Tal brukarar | Sau | lam |
|---|---|---|---|
| Vest-Agder | 400 | 17019 | 25852 |
| Rogaland | 1956 | 110579 | 147418 |
| Hordaland | 1820 | 77213 | 109400 |
| Sogn og Fjordane | 1674 | 76035 | 111079 |
| **Region 1** | **5850** | **280846** | **393749** |

*Tabell 7: Sauenæringa i Region 1 ut frå produksjonstilskot i jordbruket (Kjelde: Statens Landbruksforvaltning, kode 431,432) pr 31.07.2008. Sau og lam på utmarksbeite.*

| Fylke | Tal lag | Sau | Lam | tapt sau | tapt lam | %tap sau | %tap lam |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Vest-Agder | 20 | 12727 | 20147 | 440 | 1400 | 3,46 | 6,95 |
| Rogaland | 48 | 39393 | 59077 | 761 | 2167 | 1,93 | 3,67 |
| Hordaland | 99 | 47992 | 75850 | 1009 | 3152 | 2,10 | 4,16 |
| Sogn og Fjordane | 126 | 69826 | 104832 | 1944 | 7062 | 2,78 | 6,74 |
| Region 1 | 293 | 169938 | 259906 | 4154 | 13781 | 2,44 | 5,30 |

*Tabell 8: Tal på beitelag, sau og lam i Organisert beitebruk i Region 1 i 2008 (Kjelde:Statens Landbruksforvaltning)*

I tabell 8 er det ført opp tal på sau og lam som er med i OBB. Tala kan samanliknast med tabell 7 for å sjå om lag kor stor del av dyretalet OBB omfattar for kvart av fylka. I Sogn og Fjordane er meir enn 93% av all sau og lam på utmarksbeite med i OBB.

Sogn og Fjordane er det fylket i regionen med dei største problema med rovvilt. Talet på gardsbruk med sau har gått kraftig ned dei siste åra. I tida mellom 1998 og 2008 var det ein forskjell på 1275 bruk (etter statistikk for søknad om produksjonstilskot til utmarksbeite). Sauetalet er redusert med over 20% dei siste ti åra (jf søknad om produksjonstilskot pr 31.12). I Sogn og Fjordane er det og ein del bruk med geit på utmarksbeite.

I moderne norsk jordbruk er sauen det einaste husdyrslaget som haustar mesteparten av produksjonsforet på beite. Beitetida i låglandet kan ein rekna frå slutten av april og fram til november, medan ein for fjell- eller heiebeite kan rekne om lag 3 månader frå 15.juni til 15.september. I kyststroka har det blitt stadig meir vanleg med såkalla utegangarsau, som på visse vilkår kan gå ute heile året.

Dei fleste gardsbruka sender sauene, eller dei fleste av sauene til fjell- eller skogbeite i nærleiken av gardsbruket i starten på juni. Det er likevel ein stor del som fraktar sauen til dels lange avstandar frå garden til fjellbeite.







*Figur 5a/5b: % Lammetap i beitelag i 4 kommunar i Indre Sogn i perioden 1991 – 2008 (OBB, Statens Landbruksforvaltning)*

Tapa til i hovudsak jerv synast klårt i tapsstatistikken for 4 kommunar i Indre Sogn i figur 5a. Særleg har tapa auka på etter årtusenskiftet. Samla tap av lam i Luster i 2007 var 722. Tilsvarande i dei 3 andre kommunane var 548 lam.

Kartet i figur 6 syner organiserte beiteområde i Region 1 og tal på sau pr km2. Dette kartet fangar ikkje opp viktige beiteområde for sau utanom OBB.

Dessutan nytter organisert sau heimebeite som kan vere langt frå beitelaga sine område i store delar av sesongen.




*Figur 6: Tal sau og lam pr km2 i beiteområda for OBB i Region 1 i 2004 (Kjelde: NIJOS).*

Figur 7 syner gjennomsnittleg tapsprosent for  lam på utmarksbeite i OBB i Region 1 i ein periode på 8 år. Tap av vaksne sauar er naturleg nok ein del lågare. Til dømes ligg tap av sau på om lag 3,5% i Vest-Agder og 3% i Sogn og Fjordane (2002 og 2003). Etter det ein kan sjå i figur 7 er det store skilnader på tap mellom fylka, og ikkje så store skilnader mellom år. Det er og viktig å merke seg at dette er gjennomsnittstal for alle beitelaga og at det kan vere store skilnader frå område til område.




*Figur 7: Tapsprosent for lam i Organisert beitebruk i Region 1 siste 9 år (Kjelde: Statens landbruksforvaltning).*

## 5.2 Tap av bufe til freda rovdyr

Figur 8 syner tap til freda rovvilt ut frå kva som er utbetalt i erstatning i heile landet. Ei viss usikkerheit er knytt til om desse tala er uttrykk for faktisk tap til rovvilt. For det første er det ikkje alle med rovvilttap som søker om erstatning. Dessutan er erstatningane oftast basert på ei fagleg, men skjønnsmessig vurdering av fylkesmannen ut frå dokumenterte tap, kjennskap til tap- og rovviltsituasjonen i beiteområdet og andre faktorar. Tap som er undersøkt og dokumentert av SNO representerer berre ein liten del av totalt erstatta tap (8,7% for alle artar i landet i 2002). "Freda rovvilt" i figuren er tap som er erstatta, men som ikkje har vore mogleg å knytte til ein bestemt art.




*Figur 8: Tal erstatta sau og lam som er erstatta som drepe av rovvilt i landet i perioden 1995 - 2007(Kjelde: Rovbase).*

Region 1 er ein del av landet som i sum har lite konflikt med rovvilt i høve til andre regionar, både i absolutte tal og ikkje minst i høve til omfang av sau på beite. Det er likevel stader som har større problem enn andre. Spesielt i Indre Sogn har det i fleire år vore store skader av jerv (sjå figur 9). Tap som skuldast jerv er størst på hausten.

Tap som skuldast gaupe har tradisjonelt hatt eit tyngdepunkt i Vest-Agder. Sidan slutten på 90-talet har likevel skadeomfanget gått ned i takt med gaupebestanden. I 2004 ble det erstatta 122 sau og lam som gaupetap i Vest-Agder. 4 av desse blei undersøkt og fastslått som gaupeskade av SNO (3%). Gaupeskade er eit aukande problem i Sogn og Fjordane.

Ulv har år om anna dukka opp som streifdyr i regionen dei siste åra, og da særleg i Vest-Agder. I 2004 blei 169 sau og lam erstatta som tapt til ulv. Av desse blei 4 påvist som drepe av ulv av SNO (2%). Til forskjell frå gaupe og jerv som i regelen forsyner seg av lam, kan ulven like gjerne ta vaksne sauer.

Kongeørna har alltid hatt tilhald i regionen, og saueeigarane har lang erfaring med kongeørn i beiteområda. Tap som skuldast kongeørn er størst like etter beiteslipp om våren når lamma framleis er små. Lokalt kan det vere ein del skade frå einskilde individ som har spesialisert seg på lam som tillegg på matseddelen på våren. Det kan likevel vere vanskeleg å skilje mellom tap der ørna er dødsårsaken, og kadaver som ørna nyttar som åtsel.

Skade frå bjørn har auka på dei seinare åra i Sogn og Fjordane og Vest-Agder. I grenseområda – til dømes i Oppland – er det påvist fleire ulike bjørnar på

same tid gjennom DNA-analyse. Ein må rekne med auka førekomst av bjørn i regionen i tida framover som følgje av oppbygging av ein nasjonal bestand på 15 årlege ynglingar.




*Figur 9: Utbetalte erstatningar for tap av sau i Region 1 i perioden 2000-2007 (Kjelde: Rovbase)*

I tillegg til sau og lam er det og utbetalt erstatning for tap av geit og hund innafor regionen. Det er døme på at kongeørn har tatt små dachshundar dei seinare åra. Frå andre plassar i landet er det kjend at særleg ulv kan ta livet av hund. Geit, særleg kje, blir frå tid til anna tatt av kongeørn.

I sum blei det erstatta 1026 sau og lam som drepe av rovvilt i Region 1 i 2008. Av desse kom 636 frå Sogn og Fjordane. I 2002 var talet på erstatta sau og lam i regionen 1734. Til samanlikning er det oppgitt tap på 2,4% for sau og 5,3% for lam i regionen i 2008 (OBB). Det er ikkje tilgjengeleg tal som syner tap for besetningar utanfor organisert beitebruk. Dersom ein legg same tapsprosent til grunn for alle besetningar som har mottatt produksjonstilskot dette året i regionen vil det tilsvara tap av om lag 6700 sau og 20900 lam. Desse tapa dekker alle tapsårsakar på utmarksbeite. Truleg er tapet likevel noko høgare for besetningar utanfor organisert beitebruk, og det reelle tapstalet dermed endå høgare.

Med utgangspunkt i desse tala er 3,7% av alle tap av sau og lam på utmaksbeite erstatta som tap til rovvilt i Region 1 i 2007. For regionen under eitt er difor andre tapsårsaker langt viktigare enn freda rovvilt.




*Figur 10: Tal på rovvilterstatta sau og lam i Region 1 fordelt på årsak i perioden 2000 - 2007(Kjelde: Rovbase).*

Som nemnt over kan det ligge skjulte tap til rovvilt i tapsstatistikken. Det er utført fleire prosjekt i regionen for å freista å finne ut av årsaka til uforklarleg høge tap i einskilde beitedistrikt, til dømes med daudpeilesenderar på lam (sjå døme på slike prosjekt i boks). Få av desse har avslørt større mørketal til freda rovvilt. Sjukdom, ulukke eller raudrev står for dei fleste tapa. Slike undersøkingar kan likevel ha verdi i høve til å seie noko generelt om tapsårsaker over større område. I verste fall syner dei berre kva problemet er i det aktuelle beiteområdet på den aktuelle tida.

**Blåberg i Vest-Agder 2002-2003**
- I 2002 døydde 12% av alle radiomerka lam. Av desse blei 1 tatt av kongeørn, 26 døydde av ulukke eller sjukdom og 2 av ukjend årsak.
- I 2003 døydde 8% av alle radiomerka lam. 1 av desse blei tatt av raudrev, 16 døydde av ulukke eller sjukdom, 2 av ukjend årsak. For 1 av desse kan ein utelukke freda rovvilt.

**Suldal i Rogaland 1998**
8% av alle radiomerka lam døydde (22). Av desse blei 16 funne att: 2 blei drepe av kongeørn, 1 av raudrev, 4 av hund, 8 døydde av sjukdom eller ulukke, 1 av ukjend årsak.

**Lund, Sirdal og Flekkefjord 2006-2008**
Beiteområde med høgt tap. Forsøk med bruk av daudpeilesenderar, seinare med radiobjøller på sau og lam. Prosjektet avdekka lite tap til rovvilt.

Det største problemet i høve til rovvilt i Region 1 er at skaden ofte er skeivt fordelt: Einskilde saueeigarar og beiteområde kan bli hardt råka medan det store fleirtalet går meir eller mindre fri frå rovviltskade.

## 5.3 Tilhøvet til dyrevern og dyrevernlova

Mattilsynet og dyrevernnemndene har mynde i høve til Dyrevernlova. Dei seinare åra har tilhøvet mellom rovvilttap og dyrevern blitt stadig sterkare fokusert. Mellom anna er dette temaet drøfta både i St.meld. nr. 12(2002-2003) "Om dyrehold og dyrevelferd" og i St.meld. nr. 15 (2003-2004) "Rovvilt i Norsk Natur".

Etter bestandsauken for ein del av rovviltartane på 90-talet blei Statens Dyrehelsetilsyn (no Mattilsynet) stadig meir merksam på dei dyrevernmessige sidane ved tap av sau på utmarksbeite. Mattilsynet har seinare presisert at det er eit mål å redusere alle former for tap på utmarksbeite, også dei som skuldast andre årsaker enn rovvilt, for å sikre ei etisk forsvarleg drift. Mattilsynet har mellom anna peika på behov for erstatnings- og tilskotsordningar som gjev insentiv til å satse på førebyggande tiltak. Mattilsynet har og ei rolle i høve til andre forvaltingsorgan og aktørar som kunnskapsformidlar og samarbeidspart om tapsproblematikk. Mattilsynet gav i februar 2006 ut ein veileder for vedtak ved rovviltskade på beitedyr, sjå www.mattilsynet.no.

Sentralt i Dyrevernlova er §2: *"Det skal farast vel med dyr og takast omsyn til instinkt og naturleg trong hjå dyret så det ikkje kjem i fåre for å lida i utrengsmål."* I rovviltsamanheng er det oftast fokusert på stress og smerte hjå sau i samband med angrep og avliving frå rovdyr. Det er lite usemje om at det må vere eit mål å minimalisere liding så mykje som mogleg. Ei forvalting av store rovdyr som og skal ta omsyn til dyrevelferd og etikk bør likevel ha eit nyansert syn på innhaldet i desse omgrepa.

Dei fleste vil vere samde i at det er etisk uforsvarleg å sende sau på utmarksbeite dersom ein på førehand kan rekne med at ein stor del av desse vil bli drepe av rovvilt. På sikt blir dessutan ei slik drift meiningslaus, og er til stor belastning for bonden, både økonomisk og trivselsmessig. Store tap som er forbunde med mykje stress og liding er og uakseptable i høve til dyrevernlova sine bestemmelsar.

På den andre sida er dette eit samansett problem. Ein må finna seg i at ein viss del av beitedyra går tapt som følgje av at dei er ein del av naturen dei beiter i. Dei positive dyrevernsidane med frittgåande beite veger delvis opp for tap som følgje av mangel på kontinuerleg kontroll. Det spesielle med rovvilt er at fleire av artane har reetablert seg i beiteområda som nye tapsårsaker, som i stor grad kjem i tillegg til dei tradisjonelle tapsårsakane. Dagens beitedrift med slepp i utmark utan gjeting (det vil seie ikkje kontinuerleg, men regelmessig tilsyn) er etablert i eit tilnærma rovdyrfritt miljø. På den bakgrunnen er det ei stor utfordring for næringa å tilpassa seg endra rammevilkår frå storsamfunnet. Desse rammevilkåra er normative av natur: Storsamfunnet ønskjer levedyktige bestandar av rovvilt og det blir truleg ei aukande fokus på dyrevern i framtida.

## 5.4 Biologisk mangfald og friluftsliv

Omsyn til biologisk mangfald er i seg sjølv eit hovudargument for å oppretthalde levedyktige bestandar av freda rovvilt i landet. Alle dei aktuelle artane høyrer historisk og økologisk heime i den norske naturen.

På den andre sida gjev sauebeite ein positiv effekt på det biologiske mangfaldet som skjøtsel av kulturlandskapet. Utan eit aktivt beite vil ein

mange stader få attgroing av uønska skog og dårlegare vekstbetingelsar for konkurranseutsette arter. Mangfaldet av artar og førekomst av fleire sjeldsynte planteartar vil kunne reduserast.

Kunstig tilførsel av gjødsel eller for sterkt beitetrykk vil kunne gje motsett effekt. I 2005 blei det til dømes lagt fram ein rapport om økologiske korttidseffektar av sauebeite på høgfjellet (Mysterud og Austrheim 2005). Studien gjev klåre indikasjonar på at det er stor forskjel på høgt og lågt beitetrykk i høve til verknad på andre organismegrupper. Framleis er det likevel for dårleg kunnskap om høgfjellsøkologiske effektar av sauebeite på lang sikt.

Førekomst av rovvilt har og ein effekt på viltlevande byttedyr. Ulv, bjørn og gaupe lever i stor grad av hjortevilt. Jerv og kongeørn kan og ta til dømes reinkalvar, men er elles tilpassa predasjon på ulike typar småvilt og åtslar. Felles for alle dei skoglevande hjorteviltartane er at dei har hatt ein stor bestandsvekst sidan 70-talet. Denne utviklinga er eit resultat av fleire faktorar, som auka tilgroing av skog, driftsform i skogbruket, fråvær av rovdyr og såkalla retta avskyting. Det har i stor grad vore ei ønska utvikling av omsyn til jaktinteressane. Dei seinare åra har det oppstått behov for å minka bestandstorleiken på spesielt elg i delar av landet på grunn av uheldige verknader av for tett bestand på bestanden sjølv og beitegrunnlaget.

Også når det gjeld villrein er jakt eit viktig reiskap i forvaltninga av bestanden i tillegg til verdien av sjølve jakta. Avgrensing av villreinareala sett grenser for kor mange villrein beitet kan tole, og det blir difor naudsynt å tilpasse storleiken på vinterbestanden for å sikre kvaliteten på beitet og med det bestanden.

Region 1 har store bestandar av alle dei fire hjorteviltartane. Vest-Agder har utan samanlikning mest elg av dei fire fylka. Hjorten har eit tyngdepunkt frå Sogn og Fjordane og sør til Nord-Rogaland, mens rådyret er meir typisk for Rogaland og Vest-Agder. Villrein er fordelt på ulike villreinområde i høgfjellet i alle delar av regionen. Rovvilt er ikkje eit trugsmål mot hjorteviltbestandane, men vil i einskilde delar av landet gjere det naudsynt å redusere på fellingskvotene. I Region 1 har rovvilt lite verknad på hjorteviltet.

Jerv kan som nemnd ta eitt og anna reinsdyr, mest nyføydde kalvar. For villreinbestandane under eitt har jerv likevel liten effekt. Ein studie på tamrein i 2 samebyar i Sverige synte at jerven forårsaka 31-38% av alt kalvetap. Totalt var kalvetapet på 11-14% ("Jervens ekologi og status i Sverige, Grimsø Forskningsstasjon). Kongeørn kan og ta reinkalvar.

Rovvilt si påverking av byttedyrbestandane, anten det er hjortevilt eller småvilt, er ikkje negativ sett i høve til biologisk mangfald. Tvert om er truleg rovviltet si utvelging av byttedyr gunstigare for byttedyrbestanden samanlikna med jegerane sin seleksjon. Det er dessutan behov for reduksjon av hjorteviltbestandar mange stader. Rovvilt er imidlertid konkurrentar med jegerane. Det kan difor bli mindre att å hauste for dei.

Utover jaktinteressane er viktigaste konflikt i høve til friluftsliv knytt til frykt for dei store rovdyra ulv og bjørn. Begge desse artane har evne til å skade menneske og skal handsamast med respekt. Det er likevel ikkje påvist dødsfall av menneske som skuldast ulv i vår del av verda i moderne tid. Bjørn har drepe menneske i Sverige og Finland dei siste åra. Felles for begge artane er at dei er svært sky og freistar å unngå kontakt med folk. Angrep frå bjørn er

oftast knytt til heilt spesielle situasjonar. Gaupe, jerv og kongeørn er ikkje farlege for folk.

I område som ikkje er vante med rovvilt kan oppleving av frykt og usikkerheit vere eit problem for einskilde (sjå t.d. NINA Oppdragsmelding 768, 2002).

For mange vil førekomst av store rovdyr i naturen opplevast som ei kjelde til eit rikare friluftsliv. Ei stort fleirtal i befolkninga meiner at dei store rovdyra skal ha plass i norsk natur. Haldningar til rovvilt er likevel ulike, og det kan vere store skilnader mellom ulike befolkningsgrupper.

# 6. VERKEMIDDEL

## 6.1 Juridiske verkemiddel

Med juridiske verkemiddel forstår vi dei aktuelle lovar, forskrifter og sentrale styringsdokument som ein kan ta i bruk. I rovviltforvaltinga er det viltlova som i første rekke er det aktuelle lovverket. Ved sida av "Forskrift om forvaltning av rovvilt" (MD, 2005), er det og andre sentrale forskrifter som gjev viktige føringar:

- "Forskrift om utøvelse av jakt og fangst", (DN 2002, sist endra i 2005). Forskrifta gjev reglar for mellom anna lisensfelling, ettersøk ved skadefelling og bruk av fangstredskap til rovvilt.
- "Regelverk for tilskudd til forebyggende og konfliktdempende tiltak i forhold til rovviltskader" (MD, 2004) Sjå kap.6.2.
- "Forskrift om jakt, fangst og fiske i statstallmenning" (DN, 2004), som gjev føringar for utbud av mellom anna jakt på rovvilt i statsallmenningar.
- "Forskrift om viltforvaltning på statsgrunn" (DN 1988) regulerer mellom anna gaupejakt på statsgrunn.

I tillegg har Lov om dyrevern, 20.12.1974 nr 73, verkemiddel knytt til rovviltforvalting. Dyrevernlova omfattar både vilt og husdyr. Tilsynsmynde etter dyrevernlova er Mattilsynet. Mattilsynet kan t.d. pålegga dyreeigarar å sanka dyra sine frå utmarksbeite dersom dyrevelferden til beitedyra er tilstrekkeleg truga av rovvilt.

## 6.2 Økonomiske verkemiddel

*6.2.1 Førebyggande og konfliktdempande tiltak mot rovviltskade*

Direktoratet for Naturforvaltning fordelar årleg midlar til førebyggande og konfliktdempande tiltak over statsbudsjettet kap 1427.73 til rovviltnemndene. Rovviltnemndene fastsett eventuelle vilkår for bruken av tilskot og fordeler regionvise budsjett vidare til fylkesmennene i rovviltregionen. Tilskot blir utbetalt til organisasjonar, kommunar eller privatpersonar etter søknad til fylkesmennene. Delar av dei same midlane nyttast til dekking av driftsutgiftar for rovviltnemnda.

For 2009 blei det avsett kr 1500 000,- på kap 1427.73.3 til Region 1. Ramma blei fordelt slik:

| | Driftsutgifter | Fordeling etter søknad | I reserve FM |
|---|---|---|---|
| Drift av rovviltnemnda | 150 000 | | |
| FM Vest-Agder | | 200 000 | 150 000 |
| FM Rogaland | | 50 000 | 75 000 |
| FM Hordaland | | 25 000 | 50 000 |
| FM Sogn og Fjordane | | 300 000 | 500 000 |

*Tabell 10: Fordeling av midlar til førebyggande og konfliktdempande tiltak (kap 1427.73.3) i Region 1 2009.*

I tillegg til dei vilkår og prioriteringar som blir sett av rovviltnemnda og fylkesmenn, blir bruken av tilskota nytta i samsvar med "Regelverk for tilskudd til forebyggende og konfliktdempende tiltak i forhold til rovviltskader" (MD 2004). Regelverket ramser opp mange ulike tiltak som kan vere aktuelle. Fellesløysingar skal prioriterast framfor enkeltbesetningar. Vidare er reglane klåre på at det ikkje skal utbetalast tilskot til reine tilsynsprosjekt. Førebyggande tiltak skal ha ein forventa direkte tapsreduserande effekt. Søknadsfrist er 15. januar, og frist for rapportering er normalt 1 desember i søknadsåret.

Ordninga gjev og høve til tilskot til opplysningsverksemd i kommunar med konfliktar i høve til rovvilt. I første rekke til kommunar med ulv og bjørn, der utfordringa ligg i å auke kunnskapen for å dempe frykt. Men det kan og vere aktuelt i kommunar med store tap for næringa, som til dømes frå jerv. Dessutan er det høve å gje støtte til forvaltingsrelaterte FOU-tiltak.

*6.2.2 Andre tilskotsordningar*

MD har i brev, dagsett 03.03.05, gått inn for ein samordna statleg virkemiddelbruk i rovviltforvaltinga. Det vil mellom anna seie at også landbrukspolitiske virkemidlar skal tilpassast dei føresetnader som ligg i bestandsmåla for rovvilt. Spesielt blir bygdeutviklingsmidlar (BU), tilskot til organisert beitebruk (OBB) gjennom spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) og regionale miljøprogram (RMP) nemnd som aktuelle tilskotsordningar.

MD har sett krav om at forvaltingsplanane for rovvilt skal gje råd om bruken av slike midlar innafor sin region. I det ligg og ei forventning om samarbeid mellom rovviltnemnd og aktuelle styresmakter om ein felles strategi for både tilrettelegging for næringsverksemd og vern av rovvilt.

I Region 1 er bruk av landbrukspolitiske verkemiddel mindre aktuelt enn i regionar med ansvar for årlege ynglingar. Ulike former for felling og tiltak som rettar seg mot rovviltet har generelt prioritet framfor tilpassingar i landbruket. Det kan likevel vere aktuelt å samordne ulike økonomiske verkemiddel i einskilde høve, også i Region 1.

LMD har fastsett forskrift 05.06.2008 om kompensasjon ved restriksjonar i bruk av utmarksbeite på grunn av rovvilt. Kompensasjonsordninga kan nyttast i dei høve Mattilsynet har vedteke beitenekt Søknad om kompensasjon sendast fylkesmannen innan 31. oktober.

*6.2.3 Erstatning for rovviltskade på bufe*

Dagens erstatningsordning er ikkje tapsførebyggande. Fylkesmannen erstattar dokumenterte tapte beitedyr (og hundar) og skjønnsmessig tap til rovvilt etter søknad. Det er viktig at saueeigarar kontaktar SNO sine rovviltkontaktar i

området ved mistanke om tap til freda rovvilt. Dokumentasjon frå SNO kan vere viktig for avgjerd om erstatning for heile beiteområdet.

## 6.3 Ulike former for felling

Felling av rovvilt er av dei heilt sentrale verkemidla i rovviltforvaltinga. Ein kan skilja mellom ulike typer felling etter heimelsgrunnlag, motivasjon eller fellingsform. Felles for alle jegerar som jaktar på eller er med på felling av desse rovviltartane er at dei pliktar å rapportere felling eller forsøk på felling umiddelbart. Jegerar som tar del i kvoteregulert jakt pliktar å halde seg underretta om kvotestorleik til ei kvar tid. Vidare pliktar jegerar vederlagsfritt å levere heile eller delar av det felte dyret til vitskapelege eller andre føremål, avhengig av fellingsform og vilkår i fellingsløyvet.

*6.3.1 Akutt behov for felling*
Viltlova §11 (naudvergeparagrafen) gjev heimel for felling dersom rovvilt kan vere ein aktuell og betydeleg fare for person. Paragrafen gjev og heimel til felling når rovvilt er i direkte angrep på bufe eller tamrein. Naudvergeparagrafen blir truleg endra på dette punktet, jf høyringsforslag utsendt i 2008.

Etter viltlova §14a (felling av vilt i særlige høve) kan Direktoratet for Naturforvaltning vedta felling av vilt utan omsyn til dei regler som ellers gjeld for å ta omsyn til offentlege interessar.

*6.3.2 Anna skademotivert felling*
Utover akutt motiverte skadefellingar nemnd over, er skadefelling ein bevisst forvaltingsstrategi for å tilpasse bestandsstorleiken til bestandsmåla og konfliktpotensialet etter prinsippet om differensiert forvalting. Slik felling er heimla i viltlova §12. Dei ulike fellingsformane (inkl. gaupejakt) er knytt til vedtak om mellom anna kvote, og vedtaksmynde (sjå tabell 10a).

| | Periode | Oppnådd bestandsmål | Ikkje oppnådd bestandsmål | Kongeørn |
|---|---|---|---|---|
| Betinga kvote skadefelling | 01.06 – 15.02 | RVN (DN) | DN | |
| Vedta bruk av skadefellingskvote | 01.06 – 15.02 | FM | FM | |
| Vedta skadefelling utan kvote | Heile året | DN | DN | FM |
| Lisensfelling regionkvote | Ulik for kvar av dei 4 store | RVN (DN) | DN | |
| Kvote for gaupejakt | 01.02 – 31.03 | RVN | DN | |

*Tabell 10a: Oversikt over fellingsformar og mynde for vedtak. FM=Fylkesmannen, RVN=Regional rovviltnemnd, DN=Direktoratet for Naturforvaltning*.

Såkalla betinga skadefelling er kvoter på ulv, jerv, bjørn eller gaupe som er vedteke av rovviltnemnd eller DN (rovviltforskrifta §§ 8 eller 13). For rovviltnemndene er det ein føresetnad at bestandsmålet i regionen er nådd før dei kan vedta kvote. Kvotevedtak av rovviltnemnda skal gjelda innafor tidsrommet 1. juni til 15. februar. DN kan vedta kvote uavhengig av bestandsmål eller tid på året kvota kan nyttast.

Fylkesmannen kan vedta (rovviltforskriffta §9) å sette i verk skadefelling etter visse vilkår etter søknad, eller etter eige initiativ innafor den samla kvoteramma. Som regel er det naturleg at søker får ansvar for gjennomføring av felling. I einskilde høve kan det vere aktuelt å nytte frivillige etablerte fellingslag, og det kan vere aktuelt å få hjelp til organisering m.v. frå SNO. DN kan i særlege høve vedta felling i offentleg regi. I vedtak om skadefelling kan ein sette til side reglar som elles gjeld for utøving av jakt og fangst. MD har vedteke som ei prøveordning fram til 31.12.2009 høve til å utbetale godtgjering til deltakerar i kommunale skadefellingslag som har deltatt i fellingsforsøk minst ei veke i førekant.

Fylkesmannen har høve til å gje løyve til skadefelling av kongeørn (Rovviltforskrifta §12) uavhengig av kvote under visse føresetnader: Felling skal rettast mot kongeørnindivid som valdar vesentleg skade på tamrein eller bufe og mot dei skadegjerande individa. Det er vilkår om at det er prøvd ut førebyggande tiltak i rimeleg utstrekning før vedtak om felling. Fellingsløyvet skal som andre fellingsløyve avgrensast i tid og areal, og det kan fastsettast ytterligare vilkår.

DN kan vedta skademotivert felling i særskilte høve, såkalla ekstraordinær felling. Til dømes vedtak om felling av ulv som er del av felles norsk/svensk ynglegruppe/revirhevdande par og om hiuttak av jerv. DN har og mynde til å sette til side gjeldande reglar for utøving av jakt og fangst i den grad det er naudsynt i slike høve.

Lisensfelling er og heimla i viltlova §12. Normalt er det rovviltnemnda som vedtar kvote for lisensfelling av jerv, ulv, bjørn eller eventuelt gaupe, og fastsett andre vilkår for fellinga. Men på same vis som over, har og DN mynde til å fastsette slik kvote.

Definisjon på lisensfelling, jf forskrift om "Utøvelse av jakt og fangst" § 3:
*Med lisensjakt menes en jakt der offentlig viltmyndighet krever at jegeren etter søknad innehar en personlig lisens for å kunne delta i en skademotivert felling av et bestemt antall individer av en viltart."*

Jegerar som vil delta i lisensfelling må registrere seg som lisensjeger i Jegerregisteret for kvar art og for kvart år, jf endring i Forskrift om forvaltning av rovvilt 21. februar 2006.

Som for kvote for betinga skadefelling er det ei føresetnad at regionen har nådd bestandsmålet for den aktuelle arten før rovviltnemnda kan fatte vedtak. Kvote for lisensfelling kan fastsettast innafor fastsette fellingsperiodar:

| | |
|---|---|
| - gaupe: | 1. februar – 31. mars |
| - jerv: | 10. september – 15. februar |
| - bjørn: | 1. september – 15. oktober |
| - ulv utanfor forvaltningsområdet: | 1. oktober – 31.mars |

I motsetnad til skadefelling er lisensfelling knytt til jaktrettshavar sin rett til jakt og fangst. DN kan i særlege høve gje unntak frå dette. Lisensfelling er og eit forsøk på allmengjering av skadefelling. Vanlege reglar for utøving av jakt og fangst gjeld.

*6.3.3 Kvotejakt på gaupe*

Jakt på gaupe er heimla i viltlova §9, og er på det viset å sjå på som ei vanleg jaktform. Rovviltnemnda (eller DN) fatter vedtak om kvote og andre vilkår for jakta dersom bestandsmålet i regionen er nådd (føresetnad for vedtak av

rovviltnemnda, jf rovviltforskrifta §11). Til forskjell frå tidligare bestemmelsar er det no i prinsippet kvoteregulert jakt på gaupe i heile landet. Jakttida på gaupe er 1. februar - 31.mars.

I kommentarane i forskrifta til §11 er det gitt høve til kvotefri jakt i delar av ein region ”så lenge dette kan skje innenfor rammen av det nasjonale bestandsmålet for regionen” og som ”er områder der det normalt ikkje opptrer gaupe i ynglende bestander”. Dette gjev opning for å kunne vedta kvotefri jakt på gaupe i Region 1, der det ikkje er nasjonale mål for yngling av gaupe.

## 6.4 Informasjon og kommunikasjon

Kunnskapsutveksling, informasjonsverksemd og god dialog vil vere viktige verkemiddel for å dempe konfliktnivået og auke aksepten for vedtak i forvaltingsorgana. Særleg er dette viktig i område med ulv og bjørn og i område med forvaltningsmål for årlege ynglingar.

Stortingsmeldinga har føresett at rovviltforvaltinga skal utøvast i dialog med berørte partar. Viktigaste arena for denne dialogen er prosessen knytt til utforming av forvaltingsplanen. Innhaldet i forvaltingsplanen er fundamentet for alle vedtak om rovviltforvalting i regionen, og eit grunnlag for vedtak fram i tid.

Det er og viktig å legge til rette for informasjon som kan føra til ei breiare semje og auka kunnskap om dei store rovdyra, til dømes om bestandstorleik og biologi. NINA har ei nøkkelrolle her, ikkje minst gjennom ansvaret for det nasjonale overvakningsprogrammet. Informasjon om forsking og overvakning i regi av NINA kan ein finna i http://nidaros.nina.no .

Ein kan og få tilgong på ei innsynsløysing for Rovbase og anna aktuell informasjon om rovvilt gjennom Direktoratet for Naturforvaltning sine heimesider om rovvilt på http://www.rovviltportalen.no. Her vil ein kunne finne det meste som har med rovviltforvalting å gjere, mellom anna om førebyggande og konfliktdempande tiltak og vedtak i heile rovviltforvaltinga.

Tilgong til fylkes- eller regiontilpassa informasjon kan ein finna på heimesidane til fylkesmennene http://www.fylkesmannen.no/ . Informasjon frå sekretariatet for Region 1 finn ein ved sette ”Rogaland” bak skråstreken og leita under ”miljøvernavdelinga” og ”vilt”. Der blir det mellom anna lagt ut innkalling til møte i rovviltnemnda og protokoll frå møte.

Det er og viktig å gjere verksemda til rovviltpersonellet i SNO kjend og forstått. Dei har viktige oppgåver i høve til skadedokumentasjon, rovviltregistrering og felling. I område med generelt lite skade frå rovvilt kan det ofte vere eit problem at saueeigarar ikkje er kjende med SNO sitt rovviltkontaktnett når det oppstår ein akutt skadesituasjon. Informasjons-brosjyrar og intern informasjon i næringa kan truleg vere til hjelp for å bøte på det. Likeeins vil det vere ei viktig oppgåve å formidle SNO sitt mandat og arbeidsmetodikk for å sikre forståing for den rolla SNO har i rovviltarbeidet og dei datasetta SNO har ansvar for.

Å gjere bruk av lokalmiljø og organisasjonar i den praktiske forvaltinga er og ein del av kommunikasjonen. Lisensfelling er pr definisjon ein del av den skademotiverte forvaltinga som er tilgjengeleg for allmenta. Andre døme kan vere organisering av lokale skadefellingslag eller bruk av lokale organisasjonar til sporingsaksjonar eller førebyggande tiltak.

Ei anna side av dette er tilhøvet til media. Media er svært viktig aktør for forvaltinga, og er avgjerande med omsyn til formidling av informasjon om rovvilt og rovviltproblematikk.

Media skal leva sitt eige uavhengige liv, og dei skal selje eit produkt. Det er likevel viktig for forvaltingsstyresmaktene å vere bevisst på korleis ein handterer media.

# 7. GRUNNLAG FOR AVGJERD

## 7.1 Nasjonale føringar og forvaltningsplan for regionen

Det er fleire organ som har mynde til å treffe ulike former for avgjerd om rovviltforvalting. Dels har dette samanheng med hierarki i miljøforvaltinga, dels har det samanheng med fordeling av oppgåver i hierarkiet. Etter viltlova er det fylkesmannen, rovviltnemnda, Direktoratet for Naturforvaltning og Miljøverndepartementet som i denne rekkefølgja er viltorgan. Kommunen har som regel ikkje mynde innafor rovviltforvaltinga. Unntak kan vere dersom fylkesmannen i særskilte høve delegerer mynde til iverksetting av betinga fellingsløyve til bestemte kommunar.

Alle nivå i forvaltinga er bunde opp av den nasjonale rovviltpolitikken i sine vedtak. Forvaltningsplanen gjev føringar for regionale tilpassingar av denne politikken for dei same viltorgana. Ein vedteken forvaltningsplan vil bli eit viktig verktøy for rovviltnemnda sitt arbeid og legge til rette for ei stabil forvalting utan store overraskingar for partar med interesse i rovviltforvalting.

I samsvar med rovviltforskrifta §6 skal det etablerast ei geografisk differensiert forvalting i regionen. I tråd med dette skal planen syne korleis ein vil prioritere førebyggande og konfliktdempande tiltak. Planen skal og gje råd om bruk av landbrukspolitiske verkemiddel, bidra til eit samordna verkemiddelbruk og reduserte tap og konfliktar. Rovviltnemnda skal ha nær kontakt med kommunar og organisasjonar i regionen ved utforminga av forvaltningsplanen. DN skal gje uttale til planen før vedtak i rovviltnemnda.

## 7.2 Nasjonalt overvakingsprogram for rovvilt

DN har vedteke eit nasjonalt overvakningsprogram for jerv, gaupe, ulv, bjørn og kongeørn. Ansvarleg for gjennomføring av programmet er NINA. Registreringar basert på ulik metodikk skal leggjast til grunn for vitskapelege analysar av bestandane for dei aktuelle artane. Førekomst, utbreiing, utvikling, samansetting og storleik av bestandane er viktige datasett. Rovviltforskrifta er spesifikk på at i forvaltinga skal ein berre nytte tal frå det nasjonale overvakingsprogrammet. Det er difor viktig at kvaliteten er god og at det er minst mogleg konflikt om datasetta. Av omsyn til forvaltingsorgana skal NINA levere rapport om bestandsstatus, inkludert tal på ynglingar, til DN innan 15. mai året etter.

Overvakingsprogrammet inneheld både generelle metodar og overvakingsmetodikk som er tilpassa dei ulike artane. Dei generelle metodane er:

- Skadedokumentasjon. Rovviltkontaktar som er tilsett av SNO undersøker kadaver som kan vere drepe av rovvilt.
- Tilfeldige rovdyrobservasjonar. Meldingar om rovvilt blir kontrollert av SNO. På same vis som for skadedokumentasjon blir observasjonane kategorisert og lagt inn på Rovbase.
- Fallvilt og jaktmateriale. Nyttast til ulike biometriske mål.
- Genetiske metodar. Analyse av DNA gjev viktig informasjon om genetisk variasjon innan bestanden, slektskap og kunnskap om individa.

Overvakning av gaupe er basert på faste takseringsliner i terrenget og teljing av familiegrupper. Ansvarleg for å gå opp linane i felt er Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) etter avtale med DN. Tal på kryssande spor i snø blir registrert og er grunnlag for utarbeiding av ein indeks for variasjon av gaupeaktivitet mellom år. To eller fleire gauper som går saman blir registrert som familiegruppe. Bruk av standardiserte avstandar mellom kvar registrering avgjer talet på godkjende familiegruppar i eit område.

Overvakning av jerv er i første rekke knytt til registrering av ynglehi. Det praktiske arbeidet blir i hovudsak utført av SNO som kvart år frå februar/mars kontrollerar kjende ynglelokalitetar og leiter opp nye aktuelle. Funn av lokalitetar blir karakterisert som ”dokumentert”, ”antatt”, ”usikker” eller ”ingen yngling”. Resultata gjev eit minimumsmål på tal ynglande hodyr i sesongen.

Dei siste åra har ein og fått interessante resultat gjennom DNA-analyse av innsamla jervmøkk. Anslag på bestandstorleik gjennom analyse av gjenfunndata frå same individ samsvarar godt med anslag frå hiregistreringsmetoden.

På same vis som for jerv er DNA-analyse av møkk frå ulv ein viktig artsspesifikk overvakingsmetode. På norsk side har Høgskolen i Hedmark ansvar for koordinering av overvaking av ulv. Registrering av par og familiegrupper på snøføre er sentralt element i overvakninga. SNO følgjer opp spor frå ikkje-stasjonære individ. I tillegg er ein god del individ radiomerka gjennom forskningsprogrammet SKANDULV.

Bjørn er ein vanskeleg art å overvake, og har hatt låg prioritet fram til 2006. Dei metodar som tradisjonelt har vore nytta er observasjon av binne med ungar, og baksporing av bjørn på vårsnø for å finne vinterhi. Frå 2006 har kompetansesenteret på Svanhovd, Bioforsk Jord og Miljø, i Pasvik gjort det mogleg å utføre DNA-analysar på mellom anna systematisk innsamla møkkprøvar frå bjørn. I 2007 blei det samla inn prøvar frå Sør-Noreg.

Kongeørn er tatt inn som del av det nasjonale overvakingsprogrammet frå 2006. Arbeidet med kartlegging av eksisterande data, som i stor grad vil seie reir og territoriar for etablerte par, har starta opp. Rovbasen vil bli tilpassa slik at desse og nye data kan leggast inn.

## 7.3 Rovbase

Rovbase er ein nasjonal GIS-basert database i DN, og som i tillegg nyttast av SNO og fylkesmennene. Alle opplysningar om rovdyrskade på husdyr, observasjonar av store rovdyr og felte rovdyr blir lagt inn i basen. Observasjonane er kopla til digitale kart. Det er mogleg for alle å gå inn i Rovbase via ein innsynsløysing frå DN sine heimesider,

www.dirnat.no/rovbase. Der kan ein få kartbasert kunnskap om rovvilt og rovviltskade på bufe.

Søknadar om erstatning for rovviltskade blir og handsama av fylkesmannen gjennom ein separat modul i Rovbase.

## 7.4 Skadepotensiale

Vedtak om felling eller prioritering av førebyggande og konfliktdempande tiltak skal og byggja på kunnskap om skadepotensiale, i første rekke på bufe. Allereie i utgangspunktet er Region 1 definert som eit område med store beiteinteressar. Det er difor heller ikkje fastsett mål for årlege ynglingar av dei fire rovviltpattedyra i regionen. Det er likevel ikkje unnatak for Region 1 når det gjeld krav om differensiert forvalting. Dessutan skal det gjerast ei konkret avveging før eventuell iverksetting av skadefelling og ei avgrensing av kvotestorleik for lisensfelling og kvotejakt. Prioritering av førebyggande tiltak, både når det gjeld type tiltak og kva område som skal prioriterast, vil og bli gjort ut frå kunnskap om skadepotensiale.

Vurdering av potensialet for skade er difor viktig. Både i høve til ulike område og i høve til akutte situasjonar som oppstår. Fleire element går inn i ei slik vurdering:

- Tal på beitedyr i eit beiteområde. Jo tettare og fleire desto større kan skadepotensialet vere.
- Driftsform og høve til å setta i verk førebyggande tiltak kan vere viktig. Dei fleste i regionen slepper sau fritt på utmarksbeite på sommaren og hausten med ein periode før og etter der dyra beiter på innmark eller heimebeite. Ulike tiltak kan vere med på å redusere skadepotensialet. Det er til dømes sannsynleg at seinare slepp på utmarksbeite gjer lamma mindre utsett for tap til kongeørn.
- Erfaring og kunnskap om tap i eit beiteområde frå tidlegare år eller akutte tap er viktig bakgrunn for vurdering av framtidig skadepotensiale.
- Kunnskap om rovviltartane og korleis dei opptrer i eit beiteområde er og vesentleg. Skaden varierar mellom artar, individ og ulike segment i ein rovviltbestand. Tid på året er til dømes ein viktig faktor: Tap til kongeørn er oftast knytt til mai og tidleg juni, medan bjørn gjer størst skade seint på hausten. Dei fleste jerveskadane oppstår og i siste del av beitesesongen. Der er og naturleg nok stor forskjell på om rovviltet er etablert i eit område eller om det er grunn til å tru at det dreier seg om tilfeldige streifande dyr.

# 8. REGIONALE STRATEGIAR OG FORVALTINGSMÅL

## 8.1 Rovviltartane

| |
|---|
| Mål:<br>Det skal ikkje vere årlege ynglingar av dei store rovpattedyra i region 1. |

Det vil og seie at skadefelling eller anna tiltak retta mot rovdyr i regelen vil vere viktigaste førebyggande tiltak mot rovviltskade på beitedyr. Det er likevel ikkje slik at rovvilt er fritt vilt i regionen: Fellingskvote skal fastsettast og bruk av løyve til skadefelling skal vurderast i kvart høve. I det ligg og regionen sitt

medansvar for å sikre levedyktige bestandar av rovvilt i landet. Dei store rovpattedyra har store leveområde. Dessutan er lange vandringar ein naturleg del av biologien til desse artane. Region 1 kan difor rekne med både jamn eller meir sporadisk vitjing av rovvilt i tida framover, avhengig av kva art det gjeld. Korleis regionen handsamar dette vil påverka dei andre regionane si forvalting og deira høve til å oppretthalde levedyktige bestandar.

| Mål:<br>Streifdyr skal normalt aksepterast innafor regionen utanom beitesesongen eller i område som ikkje er viktige beitemarker for sau, med mindre det er høve til lisensfelling. |
|---|

Streifdyr er individ som ikkje ynglar i Region 1 og som er på vandring. Ved vurdering om eit dyr er å sjå på som stasjonært kan dette vere ulikt frå art til art, kjønn, alder og tid på året.

| Mål:<br>Kunnskap om førekomstar av freda rovvilt og hekkebestand av kongeørn skal betrast. |
|---|

Planen legg til grunn at oversikten over hekkebestanden av kongeørn vil auke gjennom NOP og fylkesvise registreringar. Når det gjeld rovpattedyra føreset planen at SNO vil kunne gje ei fagleg vurdering av førekomstar av dei ulike artane i dei ulike delane av regionen. Dette føreset god dialog med næring/allmenta og fortløpande dokumentasjon etter eigen vurdering. Særleg er det viktig å ha slik oversikt i forkant av fellingsvedtak av rovviltnemnda.

*8.1.1 Gaupe*
Snøfattige vintre og utilgjengeleg terreng gjer det vanskeleg å få ein god kunnskap om gaupebestanden innafor regiongrensa. Det er difor viktig at sporfunn og anna indikasjon på førekomst blir meldt inn til SNO for analyse og dokumentasjon.

Sjå elles avsnitt om kvotejakt på gaupe.

*8.1.2 Jerv*
Jerven er det rovviltet som gjer størst skade på sau i landet, og i Region 1. I all hovudsak er skaden knytt til fjellområda og til Indre Sogn. I seinare tid og sør til Rogaland. I Region 1 skal tiltak retta mot rovvilt i hovudsak prioriterast framfor tiltak i husdyrhaldet. Samanlikna med gaupe er det enklare å kontrollere jervebestanden gjennom ulike former for felling. Både lisensfelling, skadefelling og hiuttak er aktuelle former for uttak.

Samstundes er det klårt at grenseområda i nord (regionane 3 og 6) har nasjonale mål om årlege ynglingar av jerv. På den eine sida er det ei rimeleg forventning at og Region 1 må ta sin del av belastninga for sauenæringa ved å akseptere innslag av jerv. På den andre sida bør ein opprette dialog, spesielt med Region 3, om ei koordinert forvalting av jerv på tvers av fylkesgrensa mellom Oppland og Sogn og Fjordane. DN kan etter rovviltforskrifta §5 gi nærare retningsliner for samarbeid over regiongrensar.

Frå Region 1 sin side vil det ikkje vere ønskeleg med ynglande jerv tett opp til regiongrensa. Konfliktpotensialet er stort, og ein vil ikkje kunne forvente ei stabil etablering etter gjeldande reglar for rovviltforvalting. Regionen må likevel ta sin del av ansvaret for å oppretthalde ein levedyktig bestand på nasjonalt nivå ved fastsetting av forsvarleg kvote og vilkår for lisensfelling, og gjennom konkrete vurderingar av skadepotensialet ved eventuell bruk av

betinga skadefellingsløyve. I vurderingar av bruk av skadefellingsløyve skal ein særleg ta stilling til om det kan vere aktuelt å ta i bruk førebyggande tiltak, til dømes tidleg sanking.

*8.1.3 Ulv*

Dei siste åra har det vore tilfeldige førekomstar av ulv i regionen. Det dreier seg likevel om få individ som oftast vandrar lange avstandar. Det er typisk for ungdyr å legge ut på lange vandringar før dei eventuelt etablerer seg.

Ulv kan gjere stor skade på sau, og det er aktuelt å vurdere skadefelling. Når ulv blir observert utanom beitesesongen er det viktig å formidle beskjed til aktuelle saueeigarar som har dyra ute, slik at dei kan sette inn dyra.

Forvalting av ulv er i stor grad forvalting på individnivå. Det er viktig å skaffa seg kunnskap om det aktuelle individet frå sporing og DNA-analysar i regi av SNO. Dersom det syner seg at ulven er viktig for overlevinga av bestanden, til dømes fordi DNA-profilen er gunstig i høve til innavlsproblema i bestanden, skal terskelen for felling vere høg.

*8.1.4 Bjørn*

Region 1 er så langt frå kjerneområda for bjørn som råd i landet. Bestanden i Sverige er stor, men enno er det langt att før ein når dei nasjonale måla i Noreg. Det er langt mellom kvart individ som dukkar opp i vår region. På veg mot det nasjonale målet på 15 årlege ynglingar vil frekvensen av førekomstar i Region 1 truleg auke.

*8.1.5 Kongeørn*

Regelverket gjev ikkje opning for regulering av bestandstorleiken av kongeørn. Fylkesmannen har likevel høve til å gje løyve til felling av skadegjerande individ.

Det er eit mål for regionen å auke kunnskapen om kongeørn. Overvaking av kongeørn er no del av det Nasjonale overvakningsprogrammet for rovvilt. I tillegg til kunnskap som blir opparbeida gjennom dette, kan det vere aktuelt å ta initiativ til tiltak som aukar kunnskap om atferd, og kongeørn som skadegjerar på lam.

Det er og viktig å skaffa oversikt over aktuelle territoriar og hekkeområde for kongeørn for å redusere negativ verknad av menneskeleg verksemd. Kommunar og fylkesmenn bør aktivt nytte slik kunnskap for å unngå utbygging og aktivitet nær hekkelokalitetane. Vidare bør slik kunnskap gjerast tilgjengeleg for politi og SNO for å hjelpa til i arbeidet for å hindre faunakriminalitet. Stadfesta data om kongeørnreir skal ikkje vere offentleg tilgjengeleg. Kven som skal ha tilgong på slike data må vurderast i kvart høve

## 8.2 Differensiert forvalting

Alle regionar har etter ordlyden krav i rovviltforskrifta til geografisk differensiert forvalting. Det vil seie at arealet innafor regionen skal handsamast ulikt i høve til prioritering av førebyggande og konfliktdempande tiltak, og i høve til ulike formar for felling.

Region 1 er i ei særstilling i høve til dei andre regionane på det viset at det ikkje er krav om årlege ynglingar for dei store rovpattedyra. Slike krav vil difor ikkje sette grense for nemnda sin vedtaksrett om felling etter §§8, 10 og 11.

I Region 1 er det ikkje bestandsmål for rovpattedyr, og felling er difor viktigaste førebyggande tiltak. Beitebruken har prioritet i Region 1.I høve til andre regionar vil førekomst og skade vere tilfeldig og lite føreseieleg. Det er difor vanskeleg å gjere geografiske skilnader når det gjeld prioritering av tiltak som rettar seg mot næring eller konfliktdempande tiltak.

| |
|---|
| Mål:<br>I Region 1 skal bruken av verkemidlar prioriterast i område med store rovviltskadar og stort skadepotensiale. |

Det vil vere høgt prioritert å reservere tilstrekkeleg med midlar til førebyggande tiltak til område med årvisse og store skader. Jervområda i Indre Sogn og område med regelmessig førekomst av gaupe eller andre rovviltartar på Agder skal ha særskilt merksemd. Lisensfelling skal tilsvarande rettast inn mot område som tradisjonelt har store skadar frå aktuell rovviltart.

## 8.3 Erstatning for tap av bufe til freda rovvilt

Erstatningssakene blir handsama av fylkesmannen i bustadfylket etter søknadsfristen har gått ut 1. november i søknadsåret. Korleis fylkesmannen handsamar det skjønnsmessige tapet kan variere noko frå fylke til fylke. Forklaringa på det er, i alle høve delvis, at tilhøva i dei ulike fylka er forskjellige. Den praksis som nyttast av fylkesmannen er tufta på kunnskap om sauenæring og rovvilt i fylket og er etablert i  samråd med partane i dei tidlegare regionale rovviltutvala.

Denne planen legg opp til å vidareføre den praksis ein hittil har hatt i dei ulike fylka i regionen.

## 8.4 Førebyggande og konfliktdempande tiltak

Felling er viktigaste førebyggande tiltak i Region 1. Det vil likevel vere situasjonar der det er behov for å setje i verk førebyggande tiltak retta mot husdyr eller andre konfliktdempande tiltak.

Ved fordeling av midlar til førebyggande og konfliktdempande tiltak (Kap.1427.73.3) innan regionen, skal rovviltnemnda prioritere dei fylka med størst rovviltskade og der førebyggande tiltak har størst verknad i høve til å redusere skaden.

Vidare er det viktig å sikre at bruken av tilskot er fleksibel. Det vil seie at fylka må sikrast tilstrekkeleg budsjett som kan avsettast til bruk i akutte situasjonar som kan oppstå utover i beitesesongen. Det vil og seie at fylkesmennene bør vere fleksible i høve til å kunne omfordele midlar til tiltak i andre fylke innafor regionen dersom det er behov for det i akutte situasjonar. Omfordeling av tilskotsmidlar mellom fylka må likevel gjerast av DN. Det bør og samarbeidast om felles prosjekt på tvers av fylka innafor regionen.

Mål:
Bruken av tilskot til førebyggande og konfliktdempande tiltak i Region 1 skal prioriterast til område med store skader. Bruken bør vidare vere fleksibel mellom fylka i regionen slik at det blir mogleg å finansiere akutte behov.

Tilskot til førebyggande og konfliktdempande tiltak blir i regelen gitt etter søknad. Tilskot som ikkje blir nytta i samsvar med avtale med fylkesmannen kan bli kravd tilbakebetalt. Det er og slik at mangelfull oppfølging av førebyggande tiltak etter avtale med fylkesmannen kan føre til avkorta eller bortfall av erstatning for tap av bufe til freda rovvilt.

Mål:
I område med stor skade skal sauenæringa på eige initiativ eller på oppfordring av fylkesmannen følgje opp effektive førebyggande tiltak. Tidlegare sanking eller utsett beiteslepp til utmarksbeite kan vere døme på det. I motsett fall vil det kunne få konsekvensar i form av fråfall eller redusert erstatning og for avgjerd om skademotivert felling.

Regelverket for bruk av førebyggande og konfliktdempande tiltak sett ein del avgrensingar og konkretiserer kva for tiltak tilskota kan nyttast til (sjå over). I tillegg skal bruken nyttast i samsvar med føringar i denne planen. DN har etablert ein elektronisk løysing for søknadar om midlar til førebyggande og konfliktdempande tiltak på www.rovviltportalen.no

Det er viktig at bruken av tilskota rapporterast innan fristen. I tillegg til rekneskap for bruken av pengane skal det settast vilkår om rapportering om verknaden av tiltaket. Nemnda skal ha tilgong på tiltaksvise evalueringar for tiltak det er gitt støtte til i fjoråret i samband med årleg fordeling og prioritering av midler til FKT til fylkesmennene.

Mål:
Alle tiltak(FKT) som har fått tilskot skal rapporterast og evaluerast for å auke kunnskapen om effekten av tiltaka.

### *8.4.1 Landbrukspolitiske verkemiddel*

Som nemnd over er ulike tilskotsordningar over landbruksbudsjettet mindre aktuelt for Region 1 i høve til dei andre regionane. Men særleg på eitt punkt er det likevel viktig å streka under landbruket sitt ansvar i Region 1: Finne årsakar til store tap av sau og lam på utmarksbeite, og legge til rette for tiltak som reduserer tapa av omsyn til næring og dyrevelferd.

Ofte er det uklårt om rovvilt er årsak til tapa eller ikkje. Prosjekt for å finne tapsårsakar på beite med store tap er difor prioriterte førebyggande tiltak i regionen (sjå under), dersom det er mistanke til freda rovvilt. Slike prosjekt er ofte kostnadskrevjande, og krev finansiering frå fleire kjelder for å bli realistiske.  Rovviltnemnda oppmoder landbruksstyresmaktene til å prioritere bruk av tilskot til slike prosjekt.

Mål:
Landbrukstyresmaktene, landbruksnæringa og Mattilsynet  inviterast til å ta del i eigna førebyggande tiltak, mellom anna med finansiering. Tiltak som har til føremål å klårgjere tapsårsakar eller minka generelt tap på beite er i hovudsak landbruket sitt ansvar.

OOrganisert beitebruk er ei viktig ordning for sauenæring og for rovviltforvalting. Det siste ikkje minst fordi det er berre innafor denne ordninga ein kan finne oversiktar som syner kvar sauen beitar, kor tett det er med sau, og tapsstatistikk for beiteområda. Det er viktige tal i høve til utøving av ei differensiert forvalting, vurdering av skadepotensiale i akutte skadesituasjonar og for vurdering av "normaltap" i erstatningssakar. Det finst ikkje gode oversiktar for sau utanfor OBB.

Rovviltnemnda vil oppfordre landbruksforvaltinga til å ta tak i dette problemet, slik at det blir mogleg å skaffe seg digital geografisk oversikt over dei ulike beiteområda, tal for sau pr arealeining og tap på beite – uavhengig av om besetningane er organiserte eller ikkje. Ei opplagt løysing som vil vere til stor hjelp er å innføre på nytt krav om opplysning om tap på beite i samband med søknad om produksjonstilskot. Dette gjeld alle bruk. Utover det bør landbruksstyresmaktene arbeide for auke oppslutninga om OBB.

| |
|---|
| Mål:<br>Av omsyn til rovviltforvalting, sauenæring og anna utmarksforvaltning bør landbruket prioritere høgt å skaffa betre kartfesta datagrunnlag og statistikk for utmarksbeite. |

For andre landbrukspolitiske økonomiske verkemiddel vil nemnda gjere fortløpande vurderingar i høve til behov. Det er naturleg å ha ein tett kontakt med spesielt landbruksavdelingane hjå fylkesmennene om dette.

*8.4.2 Utvida tilsyn*

Røynslene viser at mange vil ha tilskot til utvida tilsyn i tapsutsette område. Reglane for tilskotsordninga er klåre på at det ikkje skal utbetalast tilskot til reine tilsynsordningar. Grunngjevinga for det er at slike prosjekt i seg sjølv ikkje har tapsførebyggande effekt. Tilsyn utover dei krav som er sett i medhald av dyrevernlova kan vere viktig, mellom anna for å avdekke tidleg tap, men skal kombinerast med andre tiltak som til saman gjev ein tapsførebyggande effekt for å kunne få tilskot.

Innafor Region 1 er det stor forskjell på normaltap på utmarksbeite. Dels kan ein forklare det med ulikskap i høve til landskap og kor utsett sauen er for sjukdom. Klimavariasjonar mellom år, tidspunkt for beiteslepp og rovviltførekomst (mellom anna raudrev) kan og forklara ein del. Dels er det vanskeleg å finne gode forklaringar. Førekomstar av freda rovvilt er ofte ustabile, eller det kan vere vanskeleg å finne att kadaver tidsnok til å fastsetja dødsårsak. I sum peiker det på behov for å finne tapsårsakar i beiteområde med uforklarlege store tap på beite.

Merking av lam med daudpeilesenderar kan vere ein god metode for å finne svar på kva rolle rovvilt og andre dødsårsakar speler i det aktuelle beiteområdet. Resultata vil vere nyttige for sauenæringa og avmytifiserande i høve til rovvilt. Slike tiltak kan difor vere aktuelle i regionen. Utforming av prosjekta bør vere slik at resultata kan samanliknast med tilsvarande prosjekt som er utført. Resultata bør og gje kunnskap som er mest mogleg generell for eit større område. Landbruksforvaltinga må koplast inn i slike prosjekt, mellom anna som kjelde til finansiering.

| |
|---|
| Mål:<br>I område med store tap og med mistanke til tap til rovvilt kan det vere aktuelt å sette i gong effektive tiltak for å klårgjere tapsårsakar. Tiltaket skal innrettast slik at ein får best mogleg generell kunnskap. |

*8.4.3 Ekstraordinært tilsyn*

Til forskjell frå utvida tilsyn er ekstraordinært tilsyn motivert ut frå ei akutt, ikkje føresett hending med mykje tap eller fare for mykje tap. I Region 1 er det typisk at dei store rovpattedyra er på streif i område der næringa har lite erfaring med desse artane frå før. Ved slike høve kan det vere viktig å sette inn ekstra mannskap for å avdekke tap, skaffe kunnskap om rovviltarten eller tapsårsaken og hindre ytterligare tap.

Det er difor ein føresetnad for tilskot at ekstraordinært tilsyn er tilstrekkeleg intensivt og lagt til rette slik at det er god von om å redusere ytterligare tap. Ekstraordinært tilsyn er eit tidsavgrensa tiltak som og kan kombinerast med andre førebyggande tiltak.

*8.4.4 Tidlegare sanking*

Tidlegare sanking av sau frå utmarksbeite kan vere eit aktuelt tiltak fleire stader. Særleg i område med jerv, der tapa ofte oppstår mot hausten. Parallelt kan det vere aktuelt å gje høve til skadefelling. Standard sats som normalt skal nyttast inntil vidare er tilskot på maksimum kr 6,- pr dyr/dag, og uavhengig av om det er sau eller lam. Dersom det i einskilde høve kan vere aktuelt å gje tilbod om heimebeite i staden for utmarksbeite skal ein gå ut frå kostnadsberekningar i rapporten "Kostnader ved å ha sau på innmarksbeite" (NILF-rapport 2003-3). Fylkesmannen må i slike høve sjå til at også andre tiltak som kan redusere kostnadane er gjennomgått i søknaden, jf alternative berekningar i rapporten. Satsen skal differensierast og i alle høve ikkje gå ut over basisalternativet i rapporten, kr 771,- pr beitedyr. Dette gjeld berre beitedyr som elles ville gått på utmarksbeite.

Dersom ein vil ha økonomisk tilskot bør tidlegare sanking avtalast med fylkesmannen på førehand. Søknad om tilskot bør primært fremjast av beitelag eller slik at søknaden dekker all sau frå eit skadeutsett beiteområde. Fylkesmannen skal gje svar på søknaden innan kort tid.

Normal sanketid frå fjellbeite i regionen er 10. september. Etter den tid har fjellbeite lite forverdi. Tilskot til tidlegare sanking etter den tid er aktuelt berre som reine unnatak og da i samråd med Mattilsynet.

I vurderinga av om fylkesmannen skal gje tilskot til tidlegare sanking må det takast omsyn til fleire element:

- Storleiken på tapsreduserande effekt i området. Erfaring frå tidlegare beitesesongar, førekomst av rovvilt og akutte tap kan antyda potensialet for tap utan sanking. Verknaden er og avhengig av kor stor oppslutning det er om tiltaket i beiteområdet.
- Kostnadar ved sanking aukar jo tidlegare ein sankar. Den totale gevinsten i høve til reduserte tap blir og ofte liten ved svært tidleg sanking fordi rovviltet i staden vil gjere skade i andre beiteområde.
- Det kan vere aktuelt å samrå seg med dyrevernnemnd eller Mattilsynet for å klårgjere om det er gode argument ut frå omsyn til dyrevern for tidleg sanking.
- Tidleg sanking medfører ofte store kostnadar, og fylkesmannen har eit avgrensa budsjett til slike tiltak. Søknadar som kjem tidleg i beitesesongen må vurderast i høve til potensielle behov for akutte tiltak mot slutten av beitesesongen. Til dømes vil det vere mogleg å hjelpa fleire med finansiering av tidleg sanking mot slutten av sesongen. Ved mistanke om store behov for tidleg sanking bør fylkesmannen freista å få omdisponert budsjett frå andre fylkesmenn innan regionen dersom det er mogleg i tide.

- I område med behov for tidleg sanking kan det vere aktuelt å sikre alternativt beiteareal som beredskap. Det kan vere aktuelt med innegjerda område i beiteområdet eller å sikre tilgong på beitemark i område utan rovvilt. Slik beredskap bør planleggast i god tid på førehand.

| Mål:<br>Tidleg sanking kan vere effektivt førebyggande tiltak , og vil i slike høve ha høg prioritet. Ofte vil det vere aktuelt å kombinera slik sanking med skadefelling. Høg måloppnåing i form av reduserte tap vil vere avhengig av brei deltaking frå saueeigarar i beiteområdet. |
|---|

Ein variant på Vestlandet kan vere behov for kompensasjon for kostnadar knytt til innsett eller sanking av dyr frå utmark i vinterhalvåret. I kystnære område, t.d. på øyar, er det ein del såkalla villsau (utegangarsau) som etter dyrevernlova kan gå ute heile vinteren. På nokre plassar er det mistanke om ein del tap til kongeørn. Eit anna døme er andre sauerasar som på grunn av mildt klima kan gå ute delar av vinteren med utlagt for og tilgong på le. Desse besetningane kan vere utsett for skade frå streifande ulv.

Når det gjeld villsau er dette ein svært ekstensiv driftsform med lite kostnadar. Sanking og slepp på heimebeite er i regelen lite aktuelt. Skadeproblematikk i slike område må ein i dei fleste høve finne andre løysingar på. Oppretthalde tilfredsstillande trevegetasjon og andre høve til skjul kan vere døme på tiltak.

Ved førekomst av ulv utanom beitesesongen bør gardsbruk med sau ute i området varslast så snart som råd. I dei fleste høve vil ein kunne forvente at dyra blir satt inn på fjøs eller i hegn på gardsbruket kostnadsfritt i den aktuelle perioden. Ved spørsmål om tilskot må dette dokumenterast særskilt og handsamast separat i kvart høve av fylkesmannen. Dersom dette ikkje blir gjort kan det eventuelt få konsekvensar i form av bortfall eller redusert erstatningsutbetaling, jf erstatningsforskrifta §4a.

*8.4.5 Seinare slepp på utmarksbeite*

Dette kan vere eit aktuelt tiltak spesielt i område med problem i høve til kongeørn, men kan og vere nyttig i område med gaupe. Seint slepp i utmark kan og vere fornuftig i område med mykje tap til raudrev og skade/sjukdom på små lam.

| Mål:<br>Utsett slepp av sau og lam til utmark kan vere effektivt tiltak særleg i område med stor skade frå kongeørn. |
|---|

*8.4.6 Andre førebyggande tiltak retta mot bufe*

Det er lite aktuelt å prioritere tunge, intensive tiltak som rovdyrsikre innhegningar, omstilling til anna landbruksdrift eller intensiv gjeting i Region 1. Det er heller ikkje aktuelt å gje tilskot til tekniske innretningar som er utprøvd og som ikkje syner tapsreduserande effekt. Døme på det er luktstoffar, halsklaver mot gaupe osb.

Gjeting med rovdyrsikre nattkve er den mest intensive tilsynsforma som og har vore nytta her til lands i fleire hundre år. Tradisjonell gjeting inneber kontinuerlig tilsyn på dagtid, ofte kombinert med gjetarhund. Om natta er dei i sikkert nattkve, ofte kombinert med voktarhund. Dette er i norske tilhøve vanskeleg å få til på kostnadseffektivt vis, og spesielt er tiltaket lite aktuelt i Region 1.

I grenseområde med kontinuerleg trykk frå freda rovviltartar, og der rovviltet er del av nasjonale bestandsmål, kan det likevel vere aktuelt å gje tilskot til gjeting eller andre meir intensive tiltak dersom det er ønske om det i eit større beiteområde. Slike prosjekt må vurderast i kvart høve. Viktige vurderingar vil vere om tiltaket i seg sjølv er kostnadsmessig forsvarleg eller om det vil bidra til å utvikle ei driftsform der gjeting og bruk av hund kan svara seg økonomisk.

Det er gjort interessante forsøk med bruk av voktarhund dei siste åra. Eit relevant døme kan vere å nytte voktarhund i samband med tilsyn. Metoden er evaluert av Planteforsk Tjøtta fagsenter, og rapporten kan bestillast frå dei.

*8.4.7 Andre førebyggande og konfliktdempande tiltak*

Det kan og vere aktuelt å gje tilskot til tiltak som rettar seg mot rovvilt. Det er til dømes eit mål å auke kunnskapen om kongeørn i regionen. Det kan og vere aktuelt å etablere prosjekt innafor bestandsregistrering og skade-dokumentasjon i samarbeid eller samordna med SNO.

Fylkesmannen kan gje tilskot på inntil 25 000,- til etablering av kommunale eller interkommunale fellingslag som kan nyttast ved vedtak om skadefelling. Tilskotet skal nyttast som hjelp til første gongs etablering av laget. Utover det kan ein gje tilskot til ekstraordinære utgifter i spesielle situasjonar. Ein skal ikkje nytte tilskot til å dekke løpande driftsutgifter for fellingslaget. Bruken av tilskot i slike samanhenger skal fremje oppbygging av fellingslag med god kompetanse på sikkerheit, jaktetikk, rovvilt og felling av rovvilt.

Løn og kompensasjon for tapt arbeidsforteneste kan etter søknad utbetalast til fellingslag frå og med 2. fellingsveke (sjå kap 6.3.2.).

| |
|---|
| Mål:<br>Tilskot frå Kap. 1427.73.3 til tiltak retta mot rovvilt skal ikkje prioriterast framfor gode buferetta tiltak. Ved utbetaling av tilskot knytt til skadefelling skal det og leggast inn eigeninnsats. Bruken av tilskotet skal styrke ei etisk forsvarleg og sikker gjennomføring av fellinga. Tiltak som kurs og liknande som auker interesse og effektivitet i høve til lisensfelling og kommunale skadefellingslag er prioriterte tiltak. |

Bruk av fellingspremie for gaupe og eventuelle vilkår må vurderast av fylkesmannen eller kommune i kvart høve. Ein må i alle høve unngå at premien i seg sjølv blir ein motivasjon for felling, eller at premiering kan gå ut over sikkerheit og god jaktetikk.

Konfliktdempande tiltak utover dei som allereie er nemnde kan og vere aktuelle i Region 1, sjølv om dette er ein region der konfliktane er generelt små og andre verkemiddel er høgare prioriterte. Auka kunnskap og formidling av kunnskap, kontakt mellom ulike grupperingar i knytt til rovvilt er uansett kor ein er viktige bidrag til auka forståing, betre samhandling og mindre konflikt.

| |
|---|
| Mål:<br>Bruk av tilskot som fremjar kunnskap, informasjon og minkar konflikt har høg prioritet i Region 1. |

*8.4.8 Anna bruk av kap.1427.73.3*
Delar av rammetilskotet for regionen kan settast av til drift av rovviltnemnda. Midlane kan ikkje nyttast til løn eller godtgjering, men dekker reiseutgiftar, leige av lokale, diett, eventuell kjøp av tenester osb. Storleiken på beløpet som trengs må vurderast av rovviltnemnda for kvart år.

## 8.5 Generelt om felling

Det er ikkje slik at forskrifta gjev generell opning for felling av alle rovpattedyr som måtte komme inn i regionen. Vedtak om felling, inkludert vilkår for felling, må bygga på ulike vurderingar:

- Mangel på krav om årlege ynglingar i regionen kan med rette oppfattast som krav til at det ikkje skal vere yngling i regionen. Nemnda skal ta omsyn til dei sterke beiteinteressane i området og dei konfliktane som lett vil oppstå med fast etablering av freda rovpattedyr. Det skal ikkje leggjast til rette for etablering av revirmarkerande par eller ynglegrupper av ulv utanfor ulvesona.
- Region 1 har likevel eit felles ansvar med dei andre regionane i å ta omsyn til dei nasjonale bestandsmåla i §3. Sjølv om Region 1 ikkje har eigne mål, bør bestandsstatus i dei andre regionane, og då spesielt naboregionane (2, 3 og 6), vere ein del av vurderingsgrunnlaget før vedtak om felling.
- Kravet til ei geografisk differensiert forvaltning er ikkje like viktig i Region 1 som i regionar med bestandsmål. Det er likevel openbart at vurderingar om behov for felling vil vere ulikt innafor regionen. Til dømes må lisensfelling av jerv styrast dit konflikten er størst, og det vil vere ulike tersklar for å utløyse løyve til skadefelling.
- Det skal kunne forekomme streifande individ av alle artar innafor regionen. Dei store rovpattedyra nytter ofte store areal i periodar av livssyklusen. Eit hardt uttak av slike streifdyr vil difor ofte ikkje vere forenleg med dei andre regionane sine mål om å oppretthalde årlege ynglingar etter forskrifta. Uttak av skadegjerande streifdyr må difor vurderast opp mot aktuell bestandsstatus i tillegg til skadepotensialet i området.
- Ved førekomst av spesielt verdfulle rovviltindivid skal terskelen for felling aukast.
- Ein skal legge til rette for effektiv skademotivert felling, men det må ikkje gå ut over sikkerheit og krav til etisk forsvarleg felling.

| |
|---|
| Mål:<br>Felling som verkemiddel skal nyttast til å førebygge framtidig skade gjennom uttak av individ som gjer stor skade eller som kan forårsake stor skade i framtida. Felling skal ikkje vere til skade for overlevinga av bestandane. |

## 8.6 Skadefelling

*8.6.1 Kongeørn*
Fylkesmannen kan gje løyve til felling av kongeørn i samsvar med dei rammer som er sett i Rovviltforskrifta §12.

Det er ikkje aktuelt med geografisk differensiert forvaltning av kongeørn i Region 1. Bruk av førebyggande tiltak er difor like aktuelt i heile regionen der det er årviss skade av kongeørn. I slike område skal det vurderast å settast i verk førebyggande tiltak før det eventuelt blir gitt løyve til skadefelling. Kva tiltak som er aktuelle kan variere i dei ulike plassane, men generelt vil utsett slepp til utmark og auka lammevekter vere gode verkemiddel.

*8.6.2 Gaupe, jerv, ulv og bjørn*

Rovviltnemnda vedtar eventuell kvote for betinga skadefelling før 1. juni. DN kan fastsette kvote i tillegg. Rovviltnemnd og DN skal i sine vurderingar ta omsyn til overlevingsevne for rovviltbestandane før kvote blir fastsett. Det er eit viktig poeng, sidan rovviltforskrifta ikkje har eit uttrykt krav til fylkesmannen om å vurdere konsekvensar for rovviltbestanden før vedtak om felling. Fylkesmennene skal likevel legge vekt på føringar i forvaltningsplanen.

Det er likevel uråd for rovviltnemndene å sikre tilstrekkeleg bestandstorleik for rovviltbestandane gjennom fastsetting av betinga fellingsløyve eller andre kvoter. Alle regionar vil sikre seg tilstrekkeleg høve til skadefelling i sin region. Med høg utteljing av felte dyr i alle regionar er det sannsynleg at einskilde bestandar vil falle godt under dei nasjonale bestandsmåla. Region 1 har ikkje ansvar for nasjonale årlege ynglingar. Regionen har likevel ei plikt til å gjere vurderingar i høve til overlevingsevne og dei nasjonale bestandsmåla (Rovviltforskrifta §3) før vedtak om felling.

Rovviltnemnda i Region 1 vil normalt gje høve til skadefelling av alle dei 4 artane gjennom vedtak om kvote for betinga skadefelling. I tillegg til dei kriteria som er sett opp i Rovviltforskrifta §9, bør fylkesmannen og ta omsyn til evne til overleving for den aktuelle rovviltbestanden før eventuelt vedtak om bruk av fellingsløyve. Kjende tal på daude individ av arten i landet sidan kvotevedtak i rovviltnemnda eller DN er sentralt i ein slik vurdering. I tillegg kan eigenskapar knytt til det aktuelle individet vere viktig. Til dømes bør det vere ei høg terskel for å vedta felling av bjørnebinne, eller ulv som ikkje er i slekt med resten av bestanden.

| Mål:<br>Før vedtak om kvote for betinga skadefelling skal omsynet til bestandstatus for rovviltet vere ivaretatt. I Region 1 er det likevel viktigast å sikre høve til raskt uttak av skadegjerande individ. DN, rovviltnemnd eller fylkesmann kan når som helst endre vedtaka. Det kan likevel vere mest effektivt at fylkesmannen sjølv vurderar omsynet til bestandstatus og overlevingsevne (rovviltforskrifta §3) før eventuelt vedtak om felling. Fylkesmannen bør eventuelt søke råd hjå rovviltnemnda. |
|---|

Bortsett frå vedtak av DN om hiuttak av jerv, er det ønskeleg at mest mogleg av naudsynt uttak skjer som lisensfelling eller jakt. I einskilde høve er ikkje det mogleg, og det kan vere naudsynt å vedta skadefelling. Før vedtak om skadefelling skal fylkesmannen mellom anna vurdere potensialet for framtidige skader og høve til å gjennomføre førebyggande tiltak. I dei aller fleste høve vil og behov for skadefelling vere betinga av akutt skade på bufe.

Når det gjeld førekomst av ulv utanom beitesesongen er det normalt ikkje grunnlag for vedtak om skadefelling. Dei få sauer som er ute bør takast inn i eller ved hus i den aktuelle perioden. Unnatak er når tida for slepp av sau og lam på beite nærmar seg, eller det er grunn til å tru at ulven er i ferd med å etablere seg i området.

Førebyggande tiltak bør vurderast sterkt i dei høve uttak gjennom skadefelling er vanskeleg. Felling av gaupe på barmark kan vere døme på det.

Fylkesmannen skal sette vilkår for kvart fellingsløyve. Kravet om avgrensing i tid og rom skal følgjast opp slik at felling med størst mogleg sikkerheit rammer det skadegjerande individet.

Vedtak om felling blir i dei fleste tilfella aktualisert gjennom søknad frå kommunar eller organisasjonar. I regelen er det difor søker som og får ansvar for gjennomføring av fellingsoppdraget. Fylkesmannen skal avgjere kven som kan nytte fellingsløyvet, og skal ha liste over namn og adresse på alle aktuelle personar. Han skal og fastsette vilkår som gjer det tydeleg for heile fellingslaget kva reglar som gjeld for felling og felt vilt. Personar som tar del i skadefelling kan ikkje samstundes driva lisensfelling, jf brev frå DN 03.03.08.

Fylkesmannen tar og stilling til eventuell bruk av tilskot, jf kap 8.4.7, og kontakt med SNO dersom det kan vere aktuelt med hjelp til fellinga frå dei. SNO kan vere til god hjelp for lokale fellingslag, dersom dei blir beden om det og dei etter eigen vurdering vil prioritere ressursar til det.

Felling i regi av SNO er berre aktuelt i ekstraordinære høve etter vedtak i DN. Til forskjell frå lisensfelling og kvotejakt er dyr felt på skadefellingsløyve viltfondet sin eigedom.

## 8.7 Lisensfelling

Lisensfelling er skademotivert. Ved vedtak om dette er det difor viktig å avgrense aktuelle område for felling slik at effekten i høve til redusert skade blir så god som råd.

| |
|---|
| Mål:<br>I Region 1 er det aktuelt å opna for lisensfelling av jerv. Det kan og vere aktuelt å opne for lisensfelling av ulv og bjørn. |

Desse momenta skal vurderast ved fastsetting av område for lisensfelling:

- Avgrensing av område med størst skade på bufe og stabil førekomst av rovviltet.
- Det er generelt ikkje ønskeleg å belaste kvota med tilfeldige streifdyr i område med lite skadeproblem.
- Fellingsområda bør avgrensast tydeleg mot vegar, dalføre eller andre klåre geografiske skilje. Mot andre regionar gjeld regiongrensa, med mindre anna blir bestemt. For å sikre kontinuitet bør områda vere så stabile som råd over fleire år.

På line med regionar med krav om årlege ynglingar skal og rovviltnemnda i Region 1 gå ut frå bestandsdata frå det nasjonale overvakningsprogrammet ved fastsetting av kvote. I tillegg blir data om skadesituasjonen frå Rovbase og SNO sine vurderingar om førekomstar lagt til grunn. Særleg viktig er bestandsdata for Region 1 og tilgrensande område i Region 3, Oppland når det gjeld jerv. Rovviltnemnda vil samrå seg med Region 3 før vedtak om lisensfelling.

| |
|---|
| Mål:<br>Rovviltnemnda skal samrå seg med SNO og naboregionar og Mattilsynet før vedtak om lisensfelling. |

Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter rovviltnemnda sitt vedtak skal belastast kvoten.

Fylkesmennene administrerer lisensfellinga.

Jegerar skal mellom anna halde seg oppdatert over storleiken på kvota til ein kvar tid. Sekretariatet for rovviltnemnda har ansvar for oppdatering av informasjon på nærare angitt telefonnummer. Felling eller forsøk på felling skal umiddelbart meldast til fylkesmannen og andre i samsvar med lisensen. Fylkesmannen skal umiddelbart ta kontakt med rovviltnemnda for oppdatering av informasjonstelefon.

| |
|---|
| Mål:<br>Rovviltnemnda skal etter avslutta lisensfellingsperiode vurdere behovet for ekstraordinært uttak, og eventuelt oppmoda DN til vedtak om felling. |

Etter §31 i forskrift om jakt og fangst er det gitt høve til å nytte bås til levandefangst av jerv etter søknad til fylkesmannen. Eitt vilkår er krav om tilsyn minst kvar morgon og kveld. Omsyn til dyrevern gjer at ordinær jakt bør prioriterast framfor båsfangst.

Ein del år har det vore ei tendens til at lite jerv er tatt ut gjennom lisensfelling samanlikna med uttak gjennom hiuttak og ekstraordinære fellingar. Rovviltnemnd og fylkesmennene skal saman med SNO, næringa og andre organisasjoner legge til rette for kurs og anna aktivitet for å auke merksemda om lisensfelling.

| |
|---|
| Mål:<br>Det er eit mål å styrke kompetanse og interesse for lisensfelling av jerv. |

## 8.8 Kvotefri jakt på gaupe

I Region 1 vil ein leggja opp til ei vidareføring av kvotefri jakt. Rovviltnemnda kan likevel vedta å innføra kvotejakt eller lisensjakt etter nærare vurdering til ein kvar tid. Vurderingsgrunnlaget vil i hovudsak vere bestandsutviklinga for gaupe. Rovviltnemnda avgjer kvart år vedtak om kva form for felling som skal nyttast.

| |
|---|
| Mål:<br>I regelen vil rovviltnemnda opne for kvotefri jakt på gaupe i heile Region 1. Ved endra føresetnader kan likevel rovviltnemnda vedta kvotejakt, eventuelt lisensfelling av gaupe i årleg vedtak. |

Utan mål om årlege ynglingar i regionen vil kvotejakt med heimel i viltlova §9 vere lite føremåltenleg. Særleg når det er opna for kvotefri jakt i delområde av regionar med nasjonale mål. Det er heller ikkje særleg aktuelt å innføre lisensfelling av gaupe utan at regionar med nasjonale mål gjer det same.

Det er og vanskeleg å avgrense gaupejakt til bestemte område innan regionen, sidan førekomstane er spreidde i heile regionen. Dette kan og variere frå år til år.

Ved eventuell bruk av bås til levandefangst av gaupe, gjeld tilsvarande som for lisensfelling av jerv (sjå kap. 8.7, siste avsnitt).

Som for anna felling av freda rovvilt skal felling eller forsøk på felling straks meldast til fylkesmann og SNO. Jegeren har og plikt til utan vederlag å levere skrott til vitskaplege føremål i samsvar med vedtak i rovviltnemnda.

## 8.9 Informasjon, medverking og kommunikasjon

Rovviltstyresmaktene har ei viktig oppgåve i å gje sakleg informasjon og å legge til rette for god kommunikasjon mellom partane i rovviltspørsmål. Generelt om dette kan ein finna i kap. 6.4.

Overordna føremål er å skape forståing og aksept for rovviltpolitikken og legge grunnlag for ei effektiv og forutseieleg forvalting. Dette bør vere enklare å få til i Region 1 i høve til andre regionar. Det er likevel ei stor utfordring på generell basis å bryte ned negative haldningar til rovvilt som ikkje direkte er knytt til økonomisk skade. Rovvilt er ofte mytebelagt, kan vere gjenstand for kompromisslaus motvilje eller ugrunna frykt. Viktig mål for forvaltinga må vere å formidle kunnskap og haldningar til naturmiljø som kan hjelpa til med å fjerne stigmatiseringa av desse artane. Ein gjennomgåande felles forståing for rovvilt og aksept for at dei faktisk skal ha ein plass i norsk natur, vil gjere det mykje lettare å gjennomføre ei fornuftsbasert forvalting.

På den andre sida er det viktig å arbeida for ei forståing for den rolla beitebruket speler som kulturberar og næring. Inntekta er ofte marginal, og store tap til rovvilt kan truge eksistensgrunnlaget for busettingar i distrikt med lita anna inntektsgivande arbeid.

### *8.9.1 Forvaltningsplan*

Forvaltningsplanen skal gje forståeleg og kortfatta informasjon om dei ulike sider av rovviltforvaltinga i tillegg til sjølve planen for korleis den nasjonale politikken skal tilpassast i Region 1. Prosessen fram til ein gjeldande plan er kanskje like viktig: Invitasjon til diskusjon og samarbeid fremjar kunnskap om temaet og gjev forankring av planen.

Etter høyringsprosess og informasjonsmøte i kvart fylke, samt fagleg kvalitetssikring i DN, skal planen vere tilstrekkeleg gjennomarbeidd til å kunne fungere som eit godt verkty for rovviltforvaltinga i Region 1. Rovviltnemnda vurderer fortløpande behov for revisjon av planen, men skal minst reviderast kvart 4. år.

| Mål: |
| --- |
| Forvaltningsplanen skal gje oversikt over rovviltforvaltninga, gje forutseielege føringar for forvaltinga framover og hjelpa til med å redusera konflikt. |

### *8.9.2 Rovviltnemnda*

Rovviltnemnda vil normalt ha 4 ordinære møte kvart år. Innkalling, saksframlegg, vedtak og protokoll blir lagt ut på sekretariatet si heimeside og på "Sharepoint"-sidene (internettbasert innsynsløysing for rovvilt-styresmaktene). Alle fylkesmenn i regionen vil og normalt legge ut protokoll og vedtak frå møta på internettsidene sine. Aktuelle organisasjonar får tilsend vedtak som kan påklagast, i post eller epost.

Møte i rovviltnemnda er i regelen opne møte, men utan talerett for frammøtte som ikkje er inviterte. Møte i nemnda bør i regelen leggast til kvart fylke i regionen pr år.

Det vil vere naturleg at særleg leiar i rovviltnemnda og sekretariat har ein viss aktivitet utover ordinær møteverksemd, særleg knytt til fylkesvise kontaktutval. Det kan og gjelda ordinære medlemmar i nemnda.

Rovviltnemnda har behov for samordning av si forvalting med andre regionar og DN. Det er difor ønske om at DN/MD legg til rette for samlingar på tvers av fleire regionar minst ein gong kvar valperiode. Utveksling av synspunkt og fagleg oppdatering er viktige føresetnader for ei koordinert forvalting. Etter behov vil og rovviltnemnda opprette kontakt med naboregionar.

Rovviltnemnda skal og sjå til at det er etablert tilfredsstillande arenaer for kommunikasjon om rovviltforvalting i fylka. I Sogn og Fjordane og i Vest-Agder er det oppretta fylkesvise kontaktutval for rovviltsaker.

Mål:
Rovviltnemnda skal vere fagleg oppdatert og samordna med forvaltinga elles i landet. Nemnda skal ha god kontakt med næringa, organisasjonane, Mattilsynet og SNO.

*8.9.3 Fylkesmannen*
Fylkesmennene skal utøve mynde mellom anna til å avgjere bruk av midlar til førebyggande tiltak, vedtak om skadefelling og erstatning for tap til freda rovvilt. Fylkesmannen har dessutan ei viktig rolle å spele som kontaktpunkt for organisasjonar og kommunar i fylket.

Fylkesmannen har ei viktig rolle i akutte rovviltsaker, og må raskt ta stilling til spørsmål om skadefelling eller førebyggande tiltak. Det gjeld ikkje minst om sommaren når dei fleste har ferie. I slike høve er det viktig å ha ein lett forståeleg handlingsplan. Den bør innehalde punktvis oppsett for ulike alternative løysingar, referanse til viktige kontaktar og mest mogleg ferdige oppsett for brev.

Mål:
Kvart fylke bør utarbeida ein handlingsplan for rask handtering av akutte hendingar. Alle fylka skal opprette tilfredsstillande forum for kommunikasjon og kunnskapsformidling med organisasjonar og andre med interesse for rovviltforvalting.

*8.9.4 Andre aktørar*
Viktige premissleverandørar for rovviltforvaltinga er SNO sitt rovviltpersonell, NINA gjennom det nasjonale overvakningsprogrammet og Mattilsynet som forvaltningsstyresmakt for dyrevernlova. Det er viktig at både fylkesmenn og rovviltnemnda har god kontakt med desse organisasjonane.

Fylkesmenn og SNO har saman gitt ut fylkesvise brosjyrar med kortfatta informasjon om rovviltforvalting kvart år. I denne er det mellom anna viktig informasjon om rovviltkontaktane, slik at saueeigarar lett kan få tak i dei i t.d. akutte skadesituasjonar. Dette samarbeidet bør fortsette.

Næringsorganisasjonane har og viktige oppgåver i rovviltforvaltinga. Ikkje minst i høve til å informera eigne medlemmar. Organisasjonane er dessutan viktig samarbeidspart og kunnskapsformidlar til forvaltinga. Utan eit konstruktivt samarbeid med næringa vil det vere vanskeleg å gjennomføra effektive tiltak eller oppnå måla for forvaltinga. Ei føresetnad for eit godt samarbeid er at næringa tar sin del av ansvaret for gjennomføring av den nasjonale rovviltpolitikken. Til dømes kan ein forvente at næringa tar del i gjennomføring av ulike førebyggande tiltak innanfor rimelege grenser utan kompensasjon.

Kommunar og fylkeskommunar er viktige aktørar i forvaltinga, sjølv om dei ikkje har mange konkrete oppgåver etter rovviltforskrifta. Fylkeskommunane har sjølvsagt ei avgjerande rolle som utgangspunkt for rovviltnemndene. Kommunane er ei kjelde til kunnskap om lokale tilhøve og kan vere ein aktiv medspelar for å gjennomføre lokale tiltak.

*8.9.5 Media*

Media er ein uunnverleg samarbeidspart i høve til informasjon og kunnskap om rovvilt. Dei kan likevel kan by på utfordringar, særleg i akutte situasjonar. Desse punkta er viktige å merke seg når ein får spørsmål frå media:

- Det er generelt viktig å vere så open som råd om dei faktiske tilhøva utan å trekke konklusjonar før det faktisk ligg føre ein konklusjon. Forvaltninga har generelt ei plikt til å gje informasjon.
- Ver mest mogleg generell i kommentarar til einskildsaker. Nytt høvet til å informera om rovvilt og regelverk. Ver og forsiktig med å kommentere saker som kan påklagast.
- Det er viktig å få fram alle relevante argument frå ulike sider i det som oftast er konflikt mellom rovvilt og saueeigarar. Å skapa forståing for eit heilskapleg perspektiv i ein akutt sak er ei vanskeleg men viktig utfordring.
- Det kan vere viktig å å nytte pressemeldingar eller eigne internettsider til å legge ut sakleg informasjon om aktuelt rovviltstoff. Offensiv haldning gjev eit betre høve til å vinkle saka etter eige ønske.

| Mål:<br>Som kanal til allmenta er det ei utfordring å nytte media til sakleg formidling av kunnskap om rovvilt og rovviltproblematikk – også utanom akutte skadesituasjonar. |
|---|

# Vedlegg

## Viktige internettadresser

- **Forskrift om forvaltning av rovvilt**: http://www.lovdata.no/for/sf/md/md-20050318-0242.html
- **Forskrift om utøvelse av jakt og fangst**: http://www.lovdata.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/usr/www/lovdata/for/sf/md/md-20020322-0313.html&dep=md&emne=forskrift+om+ut%d8velse+av+jakt+og+fangst+&
- **St.meld. nr. 15 (2003-2004)** "Rovvilt i norsk natur": http://odin.dep.no/md/norsk/publ/stmeld/022001-040022/dok-bn.html
- **Innstilling frå Stortinget til St.meld. nr.15**: http://www.stortinget.no/inns/inns-200304-174.html

## Rovviltnemnda Region 1:

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Rovviltnemnda Region 1 | | | | **https://ekstranett.dirnat.no/sites/rovviltnemnd/Shared%20Documents/Forms/AllItems.aspx** |
| Norvall Nøringset, leiar | Skora 6A, 6800 Førde | Sogn & Fjordane | 57826706<br>95038575 | norvall.noringset@sf-f.kommune.no |
| Marit Barsnes Krogsæter | Kleiva 83, 6900 Florø | Sogn & Fjordane | 57742595<br>90998121 | Marit.krogsater@sjf.no<br>marit.krogsater@sjf.no |
| Jenny Følling vara | Solhøgda, 6977 Bygstad | Sogn & Fjordane | 57718856<br>57718500<br>41562438 | jenny.folling@sjf.no |
| Oddny Omdal | Balchensvei 35, 4656 Hamresanden | Vest-Agder | 38100099<br>90516500 | oddny.omdal@c2i.net<br>arvid.omdal@c2i.net |
| Jon Grindland vara | Grindland, 4646 Finsland | Vest-Agder | 90521060 | jgrindla@online.no |
| Joril Christensen | Sædalssvingene 36C, 5098 Bergen | Hordaland | 55309140<br>55298849<br>48298137 | joril@nfk.no |
| Magnar Lussand, vara | Lussand, 5736 Granvin | Hordaland | 56525828<br>93431800 | m-luss@online.no |
| Odd Arild Kvaløy | Rogaland fylkeskommune, pob. 130, 4001 Stavanger | Rogaland | 91135845 | Odd.arild.kvaloy@lyse.net |
| Tone Ravnås vara | Ryfylkeveien 2510, 4120 Tau | Rogaland | 90657985 | Tr@sp.no |
| Anders Braa | FM Rogaland, Postb. 59, 4001 Stavanger | Sekretariatet MVA | 51568914<br>90778668 | anders.braa@fmro.no |
| Anita Bjørsvik | FM Rogaland, Postb. 59, 4001 Stavanger | Sekretariatet MVA | 51568918 | anita.bjorsvik@fmro.no |
| Birger Aasland | FM Rogaland, Postb. 59, 4001 Stavanger | Sekretariatet LA | 51568987 | birger.aasland@fmro.no |

## Andre adressar og lenkar

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Sogn og Fjordane | v/ Hermund Mjelstad | 57655142 48143095 | hermund.mjelstad@fmsf.no www.fylkesmannen.no/sfj |
| Fylkesmannen i Hordaland | v/ Magnus Johan Steinsvåg | 55572214 | Magnus.johan.steinsvag@fmho.no www.fylkesmannen.no/hordaland |
| Fylkesmannen i Rogaland | Sjå over | | www.fylkesmannen.no/rogaland |
| Fylkesmannen i Vest-Agder | v/ Eivind Hellerslien | 38176677 90619471 | ehe@fmva.no www.fylkesmannen.no/vest-agder |
| Direktoratet for Naturforvaltning | Tungasletta 2, 7485 Trondheim | 73580500 | www.dirnat.no |
| Statens Naturoppsyn | Rein Arne Golf. SNO Aurland, Fjordsenteret, 5745 Aurland | 57632211 48094364 | Rein.arne.golf@dirnat.no |
| Statens Naturoppsyn | Jon Erling Skåtan, Birkeland, 4575 Tingvatn | 38371692 48254803 38347823 | jes@dirnat.no |
| Miljøverndepartementet | Pob. 8013 Dep, 0030 Oslo | | postmottak@md.dep.no www.miljo.no |
| NINA | Tungasletta 2, 7485 Trondheim | 73801400 | www.nina.no |
| Planteforsk Tjøtta fagsenter | 8860 Tjøtta | 75046600 | tjotta@planteforsk.no www.planteforsk.no |
| Mattilsynet (kontor/stad) | Pob. 383, 2381 Brummundal | | www.mattilsynet.no postmottak@mattilsynet.no |
| | | | |